



1001-modellen som Møre Designteam teikna for Hole & Lillebø var det første møbelet i Noreg som vart støypt med kaldskum.

landske møblar hit. Det resulterte i at krava både til utføring og formgjeving vart skjerpa. Og det var då designarane for alvor kom inn i den norske møbelindustrien, fortel han. - Ingmar Relling var ein av pionerane. Han kjende industrien og tilpassa produkta sine til det som var teknisk mogeleg å lage, samtidig hadde han den internasjonale orienteringa gjennom designutdanninga som skulle til for å gje møblane det rette tidsuttrykket. I tillegg tenkte han praktisk ved å lage møblar som var lette å pakke saman og transportere over lange avstandar. Adolf Relling, Sven Ivar Dysthe, Gerhard Berg, Arne Halvorsen og Sigurd Resell var andre i den første generasjonen møbelindustridesignarar, som alle hadde vore elevlar av den legendariske inspiratoren og fornyaren Arne Korsmo, arkitekt og lærar ved Kunst- og handverksskulen i Oslo.

Fleire av desse designarane kjente eit ansvar for å styrke rekrutteringa av nye designarar, og dermed sørge for at nytenkinga i møbelformgjevinga vart ført vidare. Dei varause med kunnskapane sine og dei brann for den bransjen som dei hadde vakse inn i. Dei var også gjennomsyra av tanken om at produkta deira skulle bli tilgjengelege for flest mogeleg. I dette sosiale programmet hadde dei felles interesser med industrileiarane, som hadde teknologien og dei andre føresetnadene som skulle til for å produsere møblar i store seriar. Brørne Adolf og Ingmar Relling frå Sykkylven var blant dei som opna kontora sine for unge designerar, og som vende seg til industrien med skaparkrafta si.

Ingmar Relling tok initiativet

Svein Asbjørnsen fekk tidleg samarbeide med Ingmar Relling. Etter at han hadde vore i militæret, arbeidde

han i 1967 på teiknekontoret til Relling i Sykkylven. Ingmar Relling snakka då mykje om at det burde vere eit større designermiljø i Sykkylven. Han meinte bedriftene trong det for å vere med i konkurransen på dei utanlandske marknadane og også i den heimlege konkurransen. Det var ikkje berre han som såg behovet for ei meir profesjonell hand om produktfinishen. Ingmar Relling hadde vorte kontakta av fleire bedrifter, som Vestlandske, Hjellegjerde, Ekornes og Brødrene Blindheim for å gje endeleg form til produktidear som bedriftene hadde. Dei kjente at dei mangla den spesialkompetansen som berre designerane hadde; dette med å gje produkta det endelege uttrykket. Men ikkje berre det. Det viste seg også at designerane kunne føre vidare tekniske løysingar og foreslå produkt-tilpassingar som letta gangen gjennom produksjonen. Designarane var heilt avgjerande støttespelarar i denne industrialiseringsfasen i den norske møbelproduksjonen. Dette såg Ingmar Relling, seier Svein Asbjørnsen.

Difor tok han i eit møte i Sykkylven Industrilag til orde for å opprette eit designerfelleskap i bygda. Tre unge designerar tok han på ordet. Jan Lade, Svein Leirdal og Svein Asbjørnsen gjekk i 1970 saman i det dei kalla Møre Designteam. Første åra heldt dei til i det gamle våningshuset på Knutgarden på Aure.

-Vi gjekk inn i ein avtale med tre bedrifter: Hjellegjerde, L.K. Hjellev og Hole & Lillebø. Dei skulle gje oss ei årleg minsteinntekt for samarbeidet vi hadde. I tillegg skulle vi få provisjonar for møblar som vi teikna for dei.

Seinare kom også den grafikk- og reklameutdanna Norbert Hovet med i fellesskapen og bygde opp si eiga verksemd i miljøet.

Først i Noreg

Dei tre unge designerane kom inn i møbelindustrien i ei tid då nye produksjonsteknikkar og materialar var i ferd med å velte om på tidlegare produksjonsmåtar. Sykkylvsbedrifta Sandella var på denne tida i ferd med å leggje om produksjonen frå skumputer basert på rågummi til puter i formstøyt polyuretan eller kaldskum. I 1970 innleidde Sandella eit samarbeid med det italienske firmaet Gommagomma som var leiande på dette området. Med denne støypeteknologien kunne dei ferdigstøype sitte- og ryggputer på rammer av tre eller stål. Då det nye produksjonsanlegget for form-

støyping i Straumgjerde skulle presenterast i 1971 heitte det: *"Formstøpt skumplast har den gode egen-skap at den kan nyttas uten vidare bearbeidelse... Det gjelder selvsagt å finne fram til modeller som egner seg for formstøping. Interiør-arkitekter og designere arbeider med dette for øyet, og de gamle konvensjonelle møblene med tregrinder vil i fremtiden bli sjelden vare."*

Blant dei arkitektane som arbeidde med dette var nettopp Svein Asbjørnsen og kollegaene hans.

-Svein Leirdal var med på ein studietur til Gom-magomma sitt anlegg i Italia og vi følgde dette skiftet heilt frå starten.

Dette kunne vi nytte i samarbeidet med Hjellegjerde som var interessert i å ta den nye teknikken i bruk. Otto Hjellegjerde var også med på turen til Italia. Hjellegjerde var ein typisk salong-møbelbedrift som såg at den nye formstøyp-ings-teknikken kunne gje dei store rasjon-aliseringsvinstar. Eit av

resultata av dette samarbeidet var Colombi-salongen der ryggputene vart støpte i rør som stakk ut og som kunne koplast på seteramma. Desse ryggputene var svært rasjonelle å produsere og dei var brukar-vennlege. Dei kunne med eit handgrep nyttast på begge sider. Som ei vidareføring av dette samarbeidet kom Mira-ramma som la grunnlag for ei vidare rasjonal-isering av bedrifta sin sofaproduksjon.

- For Hole & Lillebøe utvikla vi ein modell som heitte 1001. Det var eit såkalla bygge-møbel som brukaren kunne byggje ut etter ønskje, frå ein-seter, til to-seter og vidare. Putene vart støpte på ei met-allramme, på same vis som Colombisalongen. 1001-serien vart eit vellukka kommersielt produkt for Hole & Lillebøe. For L.K. Hjellegjerde teikna vi Ecco- og Z-stolane og fleire moderne salongar som fekk stor merk-semd. Ecco-stolane, som vart gjort mogelege gjennom den nye støypeteknikken, vann Norsk Bransjeråd sin møbelkonkurranse i 1970. Ecco-stolen vann i tillegg Merket for god design i 1971. Fleire utanlandske pro-

ducentar var interesserte i å ta opp Ecco på grunn av den sterke forma, det internasjonale uttrykket og den nyskapande teknologien han var eksponent for, min-nest Svein Asbjørnsen.

Superveteranen på Sandella, Thor Helge Aas, som var med i produktutviklingsarbeidet, kan stadfeste at Svein Asbjørnsen og kollegaene hans var med heilt frå starten i denne viktige omlegginga for norsk møbelin-dustri.

-Dei var blant fleire som var med på turen til Italia, men dei var først ute med å få ein modell støypt på ei stålramme. Første produksjonsnummer vi



Ecco-stolen frå 1970 har eit sterkt karakteristisk formspråk. Modellen har vore ute av produksjon nokre år, men er aktuell for relansering.


har i denne samanhen-gen er 1001-modellen som dei laga saman med Hole & Lillebøe. Vi måtte til Italia for å få laga støypeforma til 1001, for vi hadde ikkje teknologi til det i Noreg på det tid-spunktet. Men støyp-inga skjedde i anlegget vårt i Straumgjerde. 1001-modellen til Møre Designteam vart såleis den første stolen i

Noreg som vart støypt med kaldskum. Ikkje lenge etter kom Hjellegjerde med Colombi-salongen av dei same designarane. Den var nyskapande også på ein annan måte, ved at den hadde rygg på rør som enkelt kunne koplast saman til sete-ramma. Denne teknologien har t.d. Brunstad brukt heilt fram til i dag, og Ekornes sine nye sofamodellar er bygd opp etter same prinsippet, eit prinsipp som forenklar produksjonen mykje, seier Thor Helge Aas. Også i Stressless-stolen, som Møre Designteam deltok i utviklinga av, vart denne teknikken etter kvart nytta.

Folk er forskjellige

Designaren må ha eit allsidig interessefelt, meiner Svein Asbjørnsen. Kunnskapar om det nyaste innan materialteknologi er berre ein del, om enn ein helt nødvendig del av den faglege ballasten. For Svein Asbjørnsen har likevel det heilt grunnleggande vore interessa for menneskekroppen og korleis sittereiska-pane best mogeleg kan tilpassast den.

People are different



Frå produktserien *People are different* som Møre Designteam vann ei nordisk designtevling med i 1976. Svein Asbjørnsen har alltid meint at ulike menneske og ulike situasjonar krev ulike møbleringsløyser. Kvifor då ikkje få til ein møbelserie som gjev rom for ulike måtar å bu på?

-I mi studietid var det eit meir statisk ideal som rådde grunnen. Det vart teke mål av menneskeskroppen og meininga var at stolane skulle tilpassast standardmål i ei statisk sittestilling. Eg fekk det tidleg for meg at det var best med rørsle for kroppen også i sitjande stilling. I tillegg har eg alltid meint at ulike menneske og ulike situasjonar krev ulike møbelformer. Utfordringa har vore å tilpasse dette grunnsynet til ein industriell produksjonsform. Med dette utgangspunktet gjorde vi i 1974/75 ei funksjonsanalyse av stova og dei møblane som var plasserte i dette rommet som i løpet av dagen vert besøkt av mange ulike menneske med ulike behov. Det er mann, kone, born, besteforeldre, besøkande. Alle desse brukar rommet på ulike måtar til ulike tider; til samtale, leik, TV-titting, slumring, lesing osv. Analysen resulterte i at vi utvikla forslag til eit stovemøblement under mottoet *People are different*. Vi laga ein lesepass, ekstraseng, ei taktekt leikestove med skriveplass og ulike sitte-, ligge- og ståplassar. Konseptet fekk 1.premie i ein nordisk designkonkurranse i 1976.

Konseptet har funne si form dei siste åra gjennom ulike modulbaserte sofaløysingar som fleire salongmøbelbedrifter har lansert. Desse løysingane går rett inn i det som no vert kalla Compact living-konseptet, eit konsept tre unge sykkyldsdesignarar altså presenterte for tredve år sidan.

Etter nokre år gjekk først Svein Leirdal ut av

designarsamarbeidet i 1976 og sidan Jan Lade i 1989. Begge dreiv vidare på eiga hand. Svein Asbjørnsen heldt fram og arbeidde vidare saman med to nye medarbeidarar som hadde teke til i bedrifta i 1976 og 1978: Arve Grønmo, med elleve år som arbeidsformann på L.K. Hjelle og med unike tekniske og skapande evner, og Egil Maalø som er utdanna interiørarkitekt og har meisterbrev i møbeltapetsering. Frå 1989 har dei vore medeigarar i selskapet sapDesign as (kortform av Svein Asbjørnsen Produktdesign). Han gjev dei mykje av æra for den gode faglege utviklinga som designkontoret har hatt dei siste åra. Han vil også gjerne trekkje fram innsatsen til Ingjerd Asbjørnsen som han gifte seg med i 1973. Ho har heile tida stått for designbedrifta sin korrespondanse. Etter at ho byrja på full tid i 1995 har ho i tillegg hatt ansvaret for den internasjonale kundekontakta. -Hennar språk-kunnskapar har vore uvurderleg viktige i dei åra vi har arbeidd for å bygge opp det internasjonale kontaktnettet, seier ektemannen. Ingjerd kan fortelje at ho den siste tida har lært seg italiensk for å kunne kommunisere best mogeleg med ein italiensk produsent som dei har etablert kontakt med. I tillegg har ny teknologi gjennom 3D-teikning og animasjon vorte ein viktig kommunikasjonsform som har gjort det lettare for kundar å forstå og avgjere prosjekt på eit tidleg stadium. Her har Jarle Slyngstad gjeve firmaet eit løft gjennom eit tett samarbeid.

Utvikling av eigne mekanismar

Tålmod må vere ein sentral eigenskap for ein designar. Svein Asbjørnsen er ikkje usamd i ei slik vurdering, og held fram eit fysisk prov på at det er slik.

-Dette er ein vippe-mekanisme som vi fekk utvikla for snart femten år sidan. Han gjev eit fleksibelt stolsete som kan følgje rørsleane til brukaren samstundes som han gjev stabil støtte og kan vere ein bygge-kloss i mange møbeltyper. Vi har hatt trua på konseptet heile tida, men har først fått sette det i kommersiell produksjon no etter at det er teke opp i den nye konferansestolserien til HÅG som vart lansert tidlegare i år. No er mekanismen også med i kolleksjonar hos Modi Skandinavia og Contract Møbler i Stordal.

Split-konseptet er også døme på ein produktidé som vi har halde på lenge og som det først no er mogeleg å ta ut potensialet til. Det er Split-systemet som har vore det berande i kontorstolserien HÅG Signét, som

har vunne fleire internasjonale designprisar. Det er også berande i den nye serien H09 som HÅG no lanserer på fleire internasjonale marknader, samt i kolleksjonar hos Modi Skandinavia i Stordal og Slettvoll på Stranda. Split-beslaget gir eit stabilt feste slik at nakke- og korsryggstøttene kan bli regulerte og festa der det passer best for den einskilde brukaren. Den første avtalen på dette beslaget vart gjort med HÅG i 1980. Det er brukt i SAS sine flystolar og i fleire andre av våre produkt. Ideen har òg gitt inspirasjon til ulike løysingar hos andre flyselskap. — Vi har ikkje tent på desse, men ein ser korleis ein god ide spreier seg og endrar produkt på internasjonal basis, fortel Svein Asbjørnsen. - Vårt system er no patentert i 19 land.

Svein Asbjørnsen peiker på at dette er ei av dei store utfordringane for dei som arbeider med produktutvikling og design: Det tek ofte lang tid frå ideen kjem fram til han byrjar å gje avkastning til dei som har ar-beidd med han.

-Det er mange som har hatt gode og verdfulle idear, men som har gjeve opp før produktideane har fått vist kva dei kan duge til. Vi har vore heldige og hatt eit godt og tålmodig bank-samband i Sparebanken Møre si avdeling i Sykkylven. Dei har hatt tru på det vi driv med og lånt oss midlar å drive for i periodar då vi har måtta vente på inntektene. Eg synest det offentlege kunne ha gjort det lettare for små bedrifter å få finansiert arbeid med nye produkt. Det er jo dei landet skal leve av i åra som kjem. Det vert prata mykje om offentlig støtte til omstilling og nyskaping både i møbelbransjen og i andre bransjar, men det ser ut til at pengane anten går til konsulentutredningar eller til dei store bedriftene, som eigentleg har apparat til å klare slike investeringar

sjølv, seier Svein Asbjørnsen, som både har mottatt offentlig støtte og har fått avslag på konsept som han sjølv meiner har store potensial i ein internasjonal samanheng. Avslag på støtte fekk han også no nyleg då det viste seg at han ikkje fann produsent som var viljug til å satse på eit konsept. Den nye finansieringsordninga "Skattefunn" er ei positiv ordning i så måte, idet nokre av utviklingskostnadane kan verte dekte dersom ein sjølv greier å forskottere dei.



Contura frå 1993. Kvilestolen er laga for å følge rørslene til kroppen. Den høge plasseringa av beina er med å legge til rette for ei optimal kvilestilling.

- Vi treng mangfald og breidde

Dette har fått Svein Asbjørnsen og fleire arkitektkollegaer til å vurdere ei løysing der designarane sjølve tek meir aktivt del i verdiskapingsprosessen.

- Vi kan ikkje sitje passive å sjå på ei utvikling der det stadig vert færre og større aktørar i bransjen, aktørar som greier seg sjølve på dei fleste område. For å ta vare på breidda, kvaliteten og nyskapinga kan det vere nyttig at nye aktørar kjem inn på bana for å bringe nye produkt fram til brukarane. Som designarar har vi gode kontaktar i ymse produksjonsmiljø,

vi har etter kvart også opparbeidd oss gode internasjonale marknadskontaktar og veit kva som rører seg der ute. Vi er ikkje framande for tanken om at designarar kan sitje å trekke i ein del trådar og etablere dei nettverka som er nødvendige for å få fram produkt med ny funksjonalitet og spennande former.

Svein Asbjørnsen har allereie erfaring med eit slikt arkitektbasert produksjons- og salsamarbeid. sapDesign er ein av aksjonærane i FurnArt, der designprofessoren Svein Gusrud også er mellom eigarane. Dei har blant anna skaffa seg produksjons-rettar til fire solide slagerar frå den norske gullalderen innan møbeldesign;


Pony av Tormod Alnes, Irafas av Cato Mansrud, Falcon av Sigurd Resell og Balans Original av Svein Gusrud. Dei har etablert kontakt med salskanalar på kontinentet og skal også utvide kolleksjonen med heilt nye designprodukt. Meininga er at FurnArt også skal kunne kanalisere idear frå yngre designarar og formidle desse til produsentar og marknad.

Nye tankar undervegs..

Svein Asbjørnsen har passert dei 60, og må kunne karakteriserast som ein moden mann. Det vil ikkje seie det same som at han ikkje arbeider med å finne fram til nye møbeluttrykk og kan glede seg stort når han finn fram til former som tåler å stå fram på eigne bein, i form av ein stol. Slik er det med den nye kontorstolserien HÅG H09 som dei no går ut i verda med. Om denne har HÅG-leiaren Tor-geir Mjør Grimsrud sagt at det er det første døme på verkeleg globalt design!

I H09 er ryggen omdefinert frå å vere ei rein støtte, til også å tene som avskjerming, lyddempar, eit psykologisk formelement eller eit arkitektonisk uttrykk som kan tilpassast ulik arkitektur og stil og smak, fortel han. Til stolane har sapDesign utvikla nye rørslemekanismar, slik at ein kjenner stolen som ei forlenging av kroppen, og slik at han følgjer kroppen sine naturlege rørsler. Det heile er bygd opp i tett dialog mellom designerkontoret

og industribedrifta, der HÅG har fått legge dei største investeringane ned i felleskomponentar som mekanismar, sete, rygg og armar. Deretter har individualisme vore stikkord for designet, slik at kjøparen kan velje mellom ulike modeller og materialar. Svein Asbjørnsen har sjølv delteke i lanseringa av denne kolleksjonen i Sver-ige, Tyskland, Austerrike, Sveits og USA. Alle stader vart han godt motteken.




Svein Asbjørnsen i arbeid på kontoret sitt i Berlihuset som han fekk God vern-prisen for i 1996.

Dei tilsette ved sapDesign as fekk hausten 2004 også den svært hyggelege meldinga at HÅG H09-serien var innstilt til den høgthengande Heidersprisen som Norsk Designråd deler ut i samband med Designdagane i Oslo. Serien var nominert saman med fire andre av dei mest vellykka designprodukta i det norske næringslivet dette året.

Nye former og funksjonar finn vi òg i spisestovestol-serien Colonna, som tyder ryggstøyle. Denne produserer han no hos ein italiensk produsent.

Så sjølv om han har base i Sykkylven og har fått ein solid porsjon møbelkultur inn med morsmjølka, er den vide verda arbeidsområdet til Svein Asbjørnsen. Slik han også hentar inspirasjon og kunnskapar frå fjernt og nært. Han har framleis store ambisjonar på vegne av verksemda si, og vil vere med å bidra til at det i Sykkylven også i framtida vert tenkt nyskapande møbeltankar.



Petter Kursetgjerde er fødd 1912 i Hundeidvik. Han har vore industriarbeidar, lokalpolitikarar og fagforeiningsmann og har også vore aktiv innan kunst- og musikklivet i Sykkylven gjennom eit langt liv. 92-åringen har vore representert med artiklar i alle utgåvene av Årbok for Sykkylven. I år fortel han om ei hending han hørde far sin fortelje om.

Då den store verda grunnstøytte

Av Petter Kursetgjerde

Sommaren 1872 var eit stort engelsk skip på tur langs vestlandskysten. Mest truleg var det eitt av dei første av det slaget som kan kallast turistskip som var på besøk. For ei tid sidan var det nokre som prøvde å finne ut av det og søkte i Lloyds skipsregister, men utan resultat.

På den tida var det ikkje noko merkevesen som sette opp varsel på utsette og farlege plassar i farvatna våre. Då visste alle kvar det var farleg å ro eller segle. Det hadde dei lært frå dei var små og dei kjende alle meda rundt i kring der dei brukte å drive sjøen. Denne kunnskapen hadde naturlegvis ikkje dei som førte dette skipet. Derfor gjekk det som det gjorde.

Grunnstøytinga var ei storhending. Folk i Hundeid-vika og innover fjorden kom roande til for å sjå og hjelpe. Men då skipsmannskapet såg alle som kom til, blei dei truleg nokså forskremde, for dei tok oppstilling ved rekka, klare til å forsvare båt og passasjerar mot dei ville innfødde som kom for å rane og røve. Som alle innfødde over alt elles var hundeidvikarane lavtstående individ som snakka eit uskjønleg språk.

Heldigvis var Tusvik handelsstad då, og styraren hadde vore sjømann og reist i utanriksfart som kaptein, så han kunne det engelske språket. Han var visst tyskar og heitte Schmidt. Dermed vart forholdet til dei innfødde litt etter litt normalisert.

Først prøvde dei å få båten av grunnen for eigen maskin, men det vart berre kolossalt mykje svart røyk. Båten hadde gått på grunn ved fjøre sjø. Det gjorde ikkje saka betre, for båten hadde stor slagside. Det var ikkje greitt for dei om bord å greie seg. Det var naturlegvis ikkje telefon eller elektrisitet om bord.

Etter kvart vart det haust. Om bord i båten var det både sauer og kyr og for til dyra. Det var den einaste måten dei kunne skaffe seg ferskt kjøt på. Etter som det vart kaldare i lufta, flytta passasjerane inn til fjøsen til dyra, og når dei hadde slakta eit dyr, spikra dei skinnet på veggene for å få litt livd for vind og ver. Forholda må ha vore nokså uholdbare.

Båten vart liggande å gnage på straumdraget i lang tid. Først fram på førjulsvinteren kom det ein slepebåt, truleg heilt frå England og drog båten av grunn. Kva som vidare skjedde, veit eg ikkje.

Denne hendinga gjekk føre seg i 1872. Då var far min sju år. Han fylgde dei vaksne om bord og såg korleis det var. Ein gong var han der saman med jamaldringen sin, Jens Kurset. Alt det eg veit om dette, er slik far fortalde det til meg.

Biletkavalkade 2004

ved Ole Jostein Fet



Glatt vinterføre har fleire gongar skapt problem for tungtrafikk på riksveg 60 over Strandafjellet. Mellom desse var eit vogntog frå Estland som i slutten av januar stod fast i svingane like nedanfor Myrdalen. Mangel på vinterdekk og kjettingar er oftast grunnen til at fleire utanlandske vogntog får problem med å kome seg over fjellet på vinterføre.



Velledalskoret fekk tildelt Sykkylven kommune sin kulturpris for 2003 under ei kommunestyresamling i byrjinga av januar. Styreleiar i koret, Lindis Lade Rønes, mottok prisen, som vart utdelt av ordførar Jan Kåre Aurdal. I over 20 år har koret vore ein viktig bidragsytar til kulturlivet i bygda og distriktet.



Steinar Aanning frå Fausadalen og Tore Gjersrud frå Ikornnes i det nyskipa firmaet Sykkylven og Stranda Terrengtransport tassar både vind og ver når dei tek på seg ulike transportoppdrag for hytteeigarane i Fausadalen og Fjellseterområdet. Vinteren er høgsesong, og oppdragsmengda deira har vore veksande.



Konradløpet klokka fem om morgonen 1. mai, samla heile 265 deltakarar i Velledalen. Løpet samla deltakarar frå Sunnmøre, Nittedal, Bulgaria og Russland. Tre av dei som deltok var Per Helge Frøysa (frå venstre), Jan Ove Skogvold og Magnus Ødegård.




Pensjonert maskinist Per Riksheim fekk æra av å opne den nye kraftstasjonen til Sykkylven Energi AS i Riksheimdalen i midten av mai. Det nye anlegget kosta 36 millionar kroner, og har ein produksjonskapasitet på nærare 20 GWh per år.



Mykje folk var samla på toppen av Hovdeåsen i Hundeidvik, då den nye vetestova vart opna søndag 20. juni. Stova er eit minnesmerke over landvernet i tidlegare tider, då folket i Hundeidvik hadde som oppgåve å varsle innover Hjørundfjorden og Storfjorden dersom fiendtlege farty nærma seg. Ordførar Jan Kåre Aurdal er klar til å skjere over snora.



Mange saueeigarar i Sykkylven miste dyr som vart drepne av hund sist sommar. Ein av dei som opplevde å misse lam, var Berth Wilhelmsen (til høgre). Stein Ivar Bakka i Statens Naturoppsyn obduserte dyra. Han slo fast at det var hund som hadde sprengt dei.




Per Jarle Tynes (biletet) fekk æra av å løyse første skotet på den nye leirduebana som Sykkylven jeger- og fiskeforening har bygd ved Svartevatnet. Tynes var prosjektleiar for den nye anlegget. Etter opninga tysdag 24. august vart bana mykje nytta av ivrige leirdueskyttarar. I byrjinga av september vann Odd Kristian Kulseth bygdameisterskapen i leirdueskyting.



Med 344 poeng og ny personleg rekord skaut Stian Tafjord seg inn på årets Kongelag under Landsskyttarstemnet på Sandnes i august, der han til slutt enda på ein fin 7. plass. I grunnlagsskytinga var han beste skyttar og tok dermed sitt første napp i den prestisjefylte Officer-pokalen. (Foto: Per Atle Sjøstad)



Måndag 27. september fløynde Sykkylven over på grunn av store nedbørsmengder. Det vart gjort store skader på vegar, og mange kjellarar i Aure sentrum stod fulle av vatn. Her er Roy Pedersen (til venstre) og Dag Haugseth i ferd med å vøle vegen i Grebstadlia, som fekk store skader. (Foto: Per Atle Sjøstad)



Jostein Nysæter fann ein nærare 200 år gamal barnesko, då han skulle gjere noko reparasjonsarbeid i grunnmuren på den gamle stova på Nysæter i sommar. Skoen låg i fuktig og tett jord. Sjølv om skoen vart funnen i fire delar, var han i overraskande god stand.



I byrjinga av oktober kunne dei unge sykkelentusiastane Erling Jarnes Ullavik (til venstre) og Marius Kalland ta i bruk ein ny terrengsykkelbane som dei hadde bygd saman med kameraten Fredrik Soltvædt. Den ein kilometer lange bana er open for alle som ynskjer å drive med terrengsykling, fortel dei.



Kjetil Tandstad (f. 1950) arbeider som journalist i Sunnmørsposten. Han er for tida redaktør av Årbok for Sykkylven.

Betongpionér med sans for det vakre

Av Kjetil Tandstad

Schmidt-hus

Schmidt-hus, kallar vi dei, og sjeldan har vi hatt ein lokal byggjestil tettare knytt til ein person. Ein tysk entreprenør gjorde sykkylving av seg. I løpet av nokre tiår spreidde han ein personleg byggjestil over by og bygd på Sunnmøre.

Blant dei mange som drog til Sunnmøre for å tilby sine tenester og si arbeidskraft etter ålesundsbrannen, var den tyske entreprenøren Heinrich Schmidt frå Schlesvig-Holstein.

Historia om den dramatiske bybrannen i Ålesund i 1904 var vel kjent i Tyskland og i Europa. Den tyske keisaren var personleg engasjert i gjenoppbygginga og både han og andre tyske noregsvenner sende mat og hjelp nordover. For at ein ikkje skulle få ein slik katastrofebrann seinare, gjorde norske styresmakter vedtak om at det skulle vere murtvang i bysentrum. Det fekk store konsekvensar for gjenoppbygginga. Kystbyane hadde tradisjonelt vore bygde i tre. No skulle det plutsleg byggjast i mur. Handverkarar og arkitektar måtte hentast frå fjern og nær for å få gjenoppbygginga i gang etter dei nye brannkrava.

Sand og hamn

Heinrich Schmidt hadde alt reist ei rekkje murhus i heimbyen Høyer. Han såg at det i ruinbyen Ålesund ville vere rikeleg med arbeid for ein tiltaksam entreprenør. Han reiste raskt nordover og gjorde seg kjend i distriktet. I Sykkylven fann han det han leita etter, nemleg sand, ei god hamn og etter kvart også kalk til muringa.

I 1905 stod det første huset ferdig, ikkje i Ålesund, men i Sykkylven. Den heimvende amerikafararen, O. B. Nilsen, hadde teke sjansen på den nye murmeisteren og hans moderne bygningsidear. I staden for å byggje med murstein laga av tegl, laga Heinrich Schmidt mursteinen av betong. O. B. Nilsen hadde reist og var open for nye idear. Han hadde dalarar å byggje for. Han vart også godt nøgd med resultatet, skal vi tru vitnemålet han kom med i ein rek-lamefald for den nyttilflytta tyske entreprenøren:

”I året 1905 opførte jeg mit 2 1/2 etages hus paa

Gaarden Blindheim i Søkkelven udelukkende af sementsten. Jeg har nu beboet huset i fire år. Jeg kan ingen mangler ellers, tvert imot er jeg i tvil om at jeg havde faaet bedre hus av tegelsten, skriv han og under-teiknar 8. oktober 1909.



Nilsen-huset på Blindheim er frå 1905 og det første huset Heinrich Schmidt bygde i

Etter kvart henta han også kona Pauline og dei fem borna som då var fødde til Norge. Han kom raskt i gang og det

vart etter kvart ei verksemd som produserte sementstein i stor målestokk. Brosjyremateriell fortel om ein årsproduksjonen på i 1,5 millionar sementstein og 400.000 sementtakstein. ”Zementstenen er frost- og veirbestandig, den hærder med tiden mer og mer og er særdeles egnet til bygning av vaanehuse, fjøse, lodpiper, gjødselbeholdere osv”, heitte det i reklamen.

I 1905 hadde han også reist nytt våningshus for Karl Fredrik Blindheim i Fredriksgården. Alt året før var han i gang med sementproduksjon i Lektevika. Etter kvart fekk han kjøpe tomte og det kan sjå ut som han betalte med det nye våningshuset i Fredriksgården. I alle fall vart eigedom-



Familien Schmidt like etter at dei kom til Noreg. Frå venstre Heinrich Schmidt, Catharina, Peter, Margareta, Henrik, mor Pauline og Martha. Etter at dei flytta vart borna Johan, Julie, Paula Heinche og Harald fødde. (Foto utlånt av Henrik Schmidt.)

men Nyheim utskilt frå Fredriksgarden og overført til Heinrich Wilhelm Schmidt som arvefestetomt i 1908.

Gullalder

Åra etter brannen var ein gullalder for ein entreprenør. Sjølv om det var mange om kontraktane i Ålesund, var marknaden nærast umetteleg. Store forsikringspengar kom til utbetaling. I løpet av få år reiste eit heilt nytt Ålesund seg opp av oska. Men også utover bygdene var det folk som ville bu i murhus. Mellom gamle grå sunnmørsstover i tømmer eller toetasjars trehus med sveitsarpynt, voks dei særmerkte murhusa opp. Dei var pynta med bordar av farga sementstein rundt vindaug og langs etasjeskilje. Ein viktig grunn til at enkelte også ute på bygdene ville ha murhus, sjølv om dei var dyrare, var frykten for brann. På Dalhus i Norddal kommune brann to hus ned like før jul i 1911. To familiar vart huslause og ingen av dei ville ta sjansen på å oppleve det ein gong til. Heinrich Schmidt fekk jobben. Storparten av sementsteinen vart støypt lokalt, men ein del vart henta frå fabrikk i Sykkylven.

Heinrich Schmidt viste kva han hadde bruk for om han skulle konkurrere: Jektevika fekk kai som kunne ta imot store båtar. Det var eit sandtak like ved. Nede ved sjøen bygde han lager og produksjonslokale. Her var det også plass til kalkomnen som han bygde etter at han og O. B. Nilsen, som han bygde det første huset til, hadde kjøpt eit

kalksteinfjell på Lyshol. Han henta også kalk frå Blakstad. I tillegg til murstein laga han takstein. "Sement-tags-tenen er frost og veirbestandig og er uden tvil fremtidens tagtekning. Ved god fagmessig pålegning faar man et extra godt tag", heitte det i reklamen. Ved fabrikk vart det også i periodar laga garnsøkke og andre enkle betongprodukt.

Betongsteinen frå Schmidt-fabrikk i Jektevika hadde ei rekkje fortrinn framfor den tradisjonelle teglsteinen.

Betongsteinen tolte vatn på ein heilt annan måte enn teglsteinen, som måtte pussast om han ikkje skulle trekkje vatn og bli knust av frosten. Han fann også fram til ein metode til å farge den ytste overflata av steinen. På den måten kunne han imitere fargen av tegl. Måla dekor bleiknar med tida, men den kulørte Schmidt-steinen held på fargen. Farfar leverte også sand til Ålesund, fortel sonen Henrik Schmidt i eit intervju i Årbok for Norddal.

Schmidt-veita

Store mengder sand skulle til i produksjonen og han kjøpte etter kvart sand på begge sider av fjorden. For å få frakta sin eigen sand ned til produksjonslokala, skaffa han seg først vassrett i Vikeelva. Så grov han ein kanal på ein kilometer og leidde vatn inn for å vaske sanden frå sandtaket og ned til fabrikk. I tillegg til å få sanden flytta ned til fabrikk, vart samtidig jord og finstoff vaska bort. Framleis kan ein sjå restane av kanalen, som vart kalla Schmidt-veita. Medan sanden flaut nedover, vart singel og stein liggjande igjen. Denne massen vart brukt til å lage ei fylling ut i sjøen. Etter kvart som åra gjekk, voks fyllinga og han fekk etter kvart eit stort, flatt og godt drenert område å drive verksemda på.

Det første tiåra etter Ålesundsbrannen var det hektisk aktivitet på sementsteinfabrikken. På det meste arbeidde rundt 30 mann der. Det kom store dampbåtar til kaia



Dette huset på Grebstad er bygd for dotter til Heinrich Schmidt, Julla. Huset er no overteke av Karen-Elise Matheson og pietetsfullt restaurert. (Foto: Kjetil Tandstad)

Jektevika for å losse sement. Så seint som i trettiåra fekk borna på skulen fri når tyskebatane kom med sementlast. Bøndene møtte mannsterkt opp for å få ein betalt sjauar-jobb.

Under første verdskrigen opna Heinrich Schmidt også entreprenørkontor i Skarbøvika og bygde mange hus i Ålesund og i distriktet rundt. Men gulltida måtte ein gong ta slutt. Omsetninga minka år for år. I nedgangstida i tjuetåra vurderte han å emigrere vidare til USA. Då sette kona ned foten. Ho tykte det var ille nok å ha flytt frå eitt land til eit anna en gong i livet.

Heinrich Schmidt var oppteken av tekniske nyvinningar. Han hadde sjølv konstruert maskinane som vart brukte til å framstille sementmurstein og sementtakstein. I dag er dei låge bygningane som vart brukt til produksjon borte. Ein to etasjars bygning nærast sjøen står framleis. Det vart brukt til sementlager. Sonesonen Henrik Schmidt har overteke og restaurert hovudhuset til bestefaren. Ein annan soneson, Jan Schmidt, bur i nabohuset, som er bygd på dei solide murane av verkstaden. Den gamle muren er pynta med betongstein som ser ut som hoggen naturstein. Jan Schmidt hugsar framleis det omfangsrike utstyret som stod i andre etasje av verkstaden til langt opp på sekstialet. Det var utstyr som vart brukt til å leske kalk med. Dette utstyret har hamna på fyllinga til liks med mykje av utstyret som

var i bruk under sementsteinproduksjonen. Men kalkommen som står like ovanfor er teken vare på. Kalkommen er i dag eitt av dei tidlege industriminna i distriktet og er restaurert av Sykkylven kommune.

Arkitektur

Heinrich Schmidt var først og fremst interessert i å byggje og konstruere. Han var i mindre grad oppteken av økonomi. Sjølv om han ikkje var utdanna arkitekt, hadde han ei sterk interesse for arkitektur. Han var god til å teikne og var oppteken av formgjeving. Han teikna sjølv mange av husa han bygde. Truleg bygde han også hus som andre hadde teikna, meiner Henrik Schmidt.

Han har funne typiske Schmidt-hus blant anna i Sykkylven og Ålesund, Stordal og Norddal. Men andre hus som Heinrich Schmidt bygde, har ein heilt anna arkitektonisk stil. Breivik-villaen i Dalsjorden i Volda kommune, er eitt eksempel. Eit anna eksempel er det vakre, spissmøna huset som dottera hans Julla fekk bygd på Grebstad. Det låner i langt større grad stiltrekk frå den tradisjonelle byggestilen i det sørlege Danmark og nordlege Tyskland enn den stilen vi elles tenkjer på med Schmidt-husa.

Heinrich Schmidt døydd i 1947. Fabrikken vart halden i drift av sønene Harald og Johan Schmidt med søstera Catherine som økonomisjef, men drifta var ikkje stor.

-Schmidthusa er kanskje ein arkitektonisk kuriositet her i landet, men eit godt eksempel på påverknaden utanfrå, påpeika avdelingsarkitekt Christ Allan Sylthe hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Sunnmørsposten 1989). Han karakteriserte stilen på Schmidt-husa som sveitsarhus med innslag av nygotikk. Når dei skil



Schmidt-hus i Eidsdal. (Foto: Kjetil Tandstad)



Breivik-villaen i Dalsfjorden er eit eksempel på at alle Schmidt-hus ikkje var i same stil.

så mykje frå andre sveitsarhus som vart bygde i same tids -rommet, er det helst på grunn av dei intrikate mursteinsmønster som Schmidt nytta i verandarekkverk og liknande, opplyste han.

Schmidt-husa hadde stort sett holmur, men når det galt huset han bygde for seg sjølv gjorde dei kompakte betongveggene huset kaldt og klamt. Henrik Schmidt som bur i huset i dag, har lagt isolasjon på innsida av ytterveggene og er godt fornøgd. Han trur årsaka til dei kompakte murane ikkje var økonomiske.

Byggmeisteren såg nok helst på tyngda av betong-golva som skulle kvile på veggene og tenkte han måtte gjere dei så solide som mogleg.

Arkitekt Berge Hjørungnes i Molde, som gjennom mange år har vore engasjert i vern av eldre bygningar,

meiner at Schmidt-husa både er vakre og særmerkte. Han har så vidt kome i gang med eit arbeid for å hente inn opplysningar om Schmidt-husa.

-Frå ein arkitektssynsstad er Heinrich Schmidt ein sjeldan plante her i landet. Han laga vakre ting som mange set pris på. Han skapte langt på veg sin eigen stil i skjeringpunktet mellom tysk gotisk tradisjon og impulsane frå sveitsar- og jugendstilen, som den gongen var moderne her i landet, seier han.

Ingen veit kor mange Schmidt-hus som vart bygde og heller ikkje kor mange som eksisterer i dag. Det er truleg under hundre og over femti, meiner han.


Ein del av dei er tydeleg prega av å vere moderniserte og påbygde. Ein gong bør det skrivast ei handbok med råd og vink til dei som ønskjer å ta vare på desse husa. Det er viktig at det særmerkte ved desse husa ikkje blir fjerna eller forandra, seier han. Han tenkjer seg ei bok med praktiske råd og vink for handverkarar og huseigarar. Det har ein fått til for jugendhusa i Ålesund og med godt resultat, seier han.

Kjelder: Gustav Weiberg Aurdal: Gardssoga for Sykkylven.

Betongpioneren. Artikkel i Sunnmørsposten 29/4-1989)

Audun Skjervøy: ..absolut tørt og sundt å bo i... Artikkel i Årbok for Norddal 2002.

Samtalar med Henrik Schmidt og Jan Schmidt.



Heinrich Schmidt fekk kjøpe grunn i Fredriksgården på Blindheim og bygde nytt våningshus på garden i 1905.



Atle Hole fødd 1956 er bonde og ein mangfaldig kulturaktivist i Velledalen. Idrettshistorie er eitt av felte han interesserer seg for.

Brunstadbakken: Frå kulturgigant til øyde- mark

Av Atle Hole

perioden 1945-1970 var det stor hoppaktivitet i Sykkylven. Sjølv "storstova" låg på Brunstad, der ein kunne hoppe over 60 meter ståande. Så kom alpinanlegga... og nye skivanar.

Unnateke nokre uthaldande veteranar, er hoppporten i dag mykje godt død i Sykkylven. Og Brunstadbakken, som samla elite og lokale hopparar til edel kappestrid framfor over tusen skodelystne, den er no øydemark.

Startlista for bygdarennet i hopp 16. mars 1947 kan stå som dokumentasjon på hoppinteressa like etter krigen. Hopprennet hadde 42 påmelde. Seinare same dag samla langrennet 36 løparar. Slik såg startlista for dei førehandspåmelde i hopprennet ut:

Til start

1. Olav Eidheim, Velledalen (B) 2. Jon Midtgård, Hundedvik (A) 3. Angell Eidem, Sykkylven (A) 4. Arvid Sørheller, Ringen (B) 5. Kåre Tandstad, Ringen (C) 6. Perry Fet, Velledalen (A) 7. Bjarne Haugseth, Sykkylven (A) 8. Sigurd Fet, Velledalen (A) 9. Magnar Fet, Velledalen (B) 10. Leif P. Brunstad, Velledale (B) 11. Jon Brunstad, Sykkylven (B) 12. Sigfred Blindheim, Sykkylven (A) 13. Jens K. Tandstad, Ringen (A) 14. Kaspar Fet, Velledalen (A) 15. Peder Hole, Ringen (B) 16. Arne Sætre, Velledalen (A) 17. Bastian Myhre, Sykkylven (B) 18. Ole Bjørkavåg, Hundedvik (A) 19. Eilert Midtgård, Hundedvik (C) 20. Arne Eliassen, Sykkylven (B) 21. Rolf Rotnes, Hundedvik (B) 22. Bjarne Midtgård, Hundedvik (B) 23. Alf Brunstad, Velledalen (A) 24. Odd Brun-

stad, Velledalen (A) 25. Erling Rødsetvik, Velledalen (C) 26. Petter Haugseth, Sykkylven (C) 27. Martin Tandstad, Ringen (C) 28. Hans Utgård, Hundedvik (A) 29. Jørgen Midtgård, Hundedvik (A) 30. Hilmar Mehl, Hundedvik (A) 31. Olav Fet, Velledalen (A) 32. Odd Strømmegjerde, Ringen (B) 33. Sveinung Bjørke, Velledalen (C) 34. Osvald Vigstad, Ringen (A) 35. Anders Kvisvik, Sykkylven (A) 36. Olav P. Hole, Velledale (B) 37. Edvard Hole, Velledalen (C) 38. Martin Åsen, Sykkylven (B) 39. Peder Eidem, Sykkylven (A) 40. Olav Hole, Ringen (C) 41. Jon Eidem, Sykkylven (C) 42. Magne Bueide, Hundedvik (B).



Frå hopprennet i Brunstadbakken i 1962.

Klasseinndelinga var slik:

Klasse A: Hopparar over 20 år som tidlegare hadde vore premierte i bygdarenn. Vinnar av klassa vart Anders Kvisvik med poengsummen 143,5.

Klasse B: Utøvarar i alderen 17-20 år, pluss utøvarar over 20 år som tidlegare ikkje hadde vore premierte. Vinnar Leif P. Brunstad, med 144,5 poeng.

Klasse C: Hopparar under 17 år. Vinnar vart Petter

Haugseth med 130,3 poeng.

Startkontingenten var to kroner. Rennet gjekk i Brunstadbakken. Den vart såvidt prøvd av nokre lokale hopparar frå Brunstad heilt på slutten av 30-talet. Men frå 1945 var den jamt i bruk. Rennet i 1947 var det største på 40-talet. Den gongen vart det hoppa kring 40 meter, minnest Odd Brunstad, som sjølv deltok med andreplass i klasse A som resultat. Han hugsar at fleire av deltakarane tykte bakken var i største laget og landa på kulen. Men



Arne Larsen, verdsmeister i 1962, vann rennet i Brunstadbakken same året.

uansett; over 40 lokale deltakarar i eit hopprenn i ei tid der kommunen hadde ca 2.750 innbyggjarar, fortel det meste om interessa. Av møtebøkene til Velledalen Idrottslag, kan ein lese at hoppporten stod sterkt utover på 50- og 60-talet, om enn ikkje på same nivå som like etter krigen. 10. mars 1956 markerte Sykkylven Idrottslag sitt 50. leveår med eit jubileumsrenn i Brunstadbakken. Sverre Stallvik frå Byåsen vart rennvinnar. 1500 tilskodarar såg trøndaren bli fyrstemann over den magiske 50-meters grensa med 52 meter som sitt lengste. Den rekorden skulle vise seg å halde i seks år.

Verdsmeister

15. april 1962 (merk datoen) vart det arrangert "Propagandarenn" i hopp i Brunstadbakken. 1400 tilskodarar venta på Hans Olav Sørensen, Torgeir Brandtzæg, Arnfinn Malm og Arne Larsen. Dei tre fyrstemnde vart programheltar saman med 14 andre, men det gjorde ingen verdens ting denne vakre vårdagen. 30 hopparar, med kombinertverdsmeister Arne Larsen frå Heggedal i spissen, gav sykkylvingane eit minne for livet. Fyrst sletta sunnmørsmeister Olav Søvik, Ørsta, bakkerekorden med eit hopp på 53,5 meter - med toppfart. Ti minutt seinare hoppa Arne Larsen 56 meter med ti meter kortare fart. Seinare tøygde han seg ein halvmeter lenger - alle hoppa hans til 3x19 i stil. For denne oppvisninga vart han løna med ein fireseters sofa i premie. Elling Korsbrekke sine avslutningsord om rennet i møteboka lydde slik: "Vi kan vel få lov å betegne dette rennet som årets Holmenkolldag på Sunnmøre. Og vidare håper vi at det kan arrangeres et slikt renn hvert år i tiden fremover".

Men velledalingane ville ha lenger hopp. Bakken vart utgreven, og 4.april 1964 var det klart for eliterenn. Dette i eit år der laget i tillegg arrangerte KM i hopp og langrenn

greenn i januar, og kretsrenn i hopp i mars. Planlegginga var grundig, med fleire komitear:

Hovudkomitè: Styret. Bakkesjef: Magnar Fet. *Trakkesjefar:* Arne Berg Hansen og Jon Brandshaug. *Hoppsjef:* Alf Brunstad. *Billetsjef:* Kaspar Nakkeberg. *Forsyningssjef:* Nils Nilsen. *Festsjef:* Karl B. Lade. *Løypesjef:* Svein Brudevoll. *Hoppmålesjef:* Kaspar Fet. *Speaker:* Elling Korsbrekke. *Startsjef:* Jon P. Brunstad. *Tidtakarsjef:* Fridtjof Drabløs. *Herold:* Per Hole.

Publikum kom som vanleg. Fem kroner for vaksne, halvparten for born og program til èi krone var prisane dei tusen frammøtte måtte underkaste seg. Dramatikken slapp ein vente på. Alt i prøveomgangen landa 18-åringen Hans Jørgen Næss frå Fram 1907 på 65,5 meter. Ni meter over gjeldande bakkerekord og lenger enn bakken tolte. Det enda med fall og ankelbrot på guten frå Molde, som seinare vart ein del av landets beste hopptrio i spann med Jan Olaf Roaldset og Ingolf Mork.

Arne Larsen sin bakkerekord var sjanselaus. Hans Olav Sørensen tok den med 60,5 meter, halvmeteren føre Johan Flytør og Jan Olaf Roaldset. Flytør vart rennvinnar, med Sørensen, Roaldset og Larsen på dei neste plassane. Ingolf Mork vann yngre junior med fjerde beste poengsum totalt. Han skulle seinare vise seg bli den som nådde lengst på internasjonalt nivå av deltakarane.

Store vyar

Utanom dei sportslege prestasjonane var det tre moment pressa var opptekne av etter rennet. Det var: 1. Korleis bakken kunne bli større og betre? Sitat Sunnmørsposten:



Frå premieutdelinga i 1962

”Dersom det vert bygt tilrenn og høgare hopp, kan bakken bli mykje betre. Og nedst i bakken må overgangen gjerast lengre og flata gravast ut med bulldozar. Ingen kunst å få bakken opp til 70 meter, la Flytør til. 2. Premiebordet. Sitat Sunnmøre Arbeideravis: ”De som undret seg over at arrangørene hadde fått deltakelse fra flere av landets beste hoppere, fant svaret på premiebordet. Vi nevner: Soveværelsemøblement komplett med madrasser og natt-bordlamper, stoppet sofa med to stoler, sovesofa, sju lenestoler, to salongbord, to madrasser og meget, meget mer. 3. Trafikk-kaos i etterkant av rennet: Sitat Sunnmøre Arbeideravis: ”Parkeringsstilhøva ved Brunstadbakken må gjøres noe med. Som forholdene var lørdag, måtte folk vente opptil to timer etter rennet var slutt, før de kunne komme seg heim. Slikt framtvinger irritasjon. Forholdet var at lensmannen nektet bileierne å parkere på riksvegen. De ble henvist til Nakkebergvegen, men denne var så smal at forbikjøring var umulig, dermed var en avhengig av de foranstående bilene før en kunne komme seg ut. Utbedre denne Nakkebergvegen, Sykkylven kommune, så slipper en forhold som lørdag!

Underleg nok, dette vart det siste store hopprennet i Brunstadbakken. At avslutninga var verdig, herskar det liten tvil om. Planane for vidare arbeid var der. Både flaumlys og utviding av bakken. Men ingen store utbetringar vart sett i verk. Sitat frå årsmeldinga 1965: Det er utført en del arbeid i Brunstad-bakken. En hadde tenkt å få den større, og en kan nå hoppe over 60 meter, men dessverre så har bakken fått en feil profil, slik at overgangen blir for bratt. Vi må derfor søke kontakt med en fagmann til å få tegnet den rette profil for bakken, og forandret den etter dette (Arvid Henriksen, sekretær).

Veteranar

Ikkje lenge etter fekk Sykkylven sitt eige alpinanlegg. Dei mange guthopparane i bygda på 60-talet skifte i stor grad beite. Hoppskiene vart lagt på hylla til fordel for alpinski. Rett nok har hoppporten hatt nokre krampetrekningar etter dette, men heller ikkje stort meir. Når dei to beste hopparane i ei bygd med over 7000 innbyggjarar pr. dato er høvesvis 52 (Arnt Katho Eidem) og 61 år (Jan Ringseth) gamle, er det ikkje berre eit tankekors. Det er like mykje eit prov på ei idrettsgrein i botnen av bølgedalen.

40 år etter at bakken på Brunstad kunne kallast ein lokal kulturgigant, har den skifta ham. Naturen sitt frie spel har viska vekk det visuelle. Likevel lever minna derifrå - sterke og klare - for dei som fekk oppleve fellesskapen



Kaspar Fet med hoppstytret sitt frå 50-talet. Skiene er av merke Kongsberg Ski, drygt 240 cm lange. Skorne kjem frå Spjelkavik Skofabrikk. På 50-talet var dette utstyr av beste merke, identisk med det Arnfinn Bergmann vann OL- gull med i 1952.

med arrangementa, forventningane og prestasjonane. I ei tid der det vert sett på som stort når eit kulturarrangement samlar eit par hundre menneske, er det underleg å tenkje tilbake på all positiviteten ein med litt velvilje kunne få ut av ei "skråning" på Brunstad for 40 år sidan. Kvar tid, sin sjarm.



I dag er det lite som minner om ein hoppbakke her, konkluderer Odd Brunstad (t.v) og Kaspar Fet i overgangen 40 år etter siste storrennet i Brunstadbakken. I 1947 var begge aktive. Odd vart då nummer to i klasse A, Kaspar nummer tre i klasse B i det som truleg var det største bygdarennet i hopp nokon gong.



Nils Einar Rye, f. 1963, er lærar ved Sykkylven Vaksenopplæringscenter. Han har fortid som journalist og har skrive ei barnebok og ei dokumentarbok.

Mannen og havet

Av Nils Einar Rye

Han kjenner verdshava som si eiga lomme, og har vore i 180 land. Derfor er det kanskje ikkje så rart at Ole Morten Husøy (43) dreg på det når vi spør om han av og til lengtar tilbake til Sykkylven. – Eg vert meir bunden til personar enn til stader, seier mannen som har gjort det til eit livsmotto å leve kvar dag som som om det er den siste. Så har han også opplevd meir enn dei fleste gjer i løpet av eit heilt liv.

Det er ein litt sur oktoberdag på Tønsberg Brygge. Om sommaren kryr det av folk og båtar på hamna i Vestfoldbyen. No har hausten meldt seg med regn og kulde.

Vi held akkurat på å snakke om noko som hende på åttitalet, då Ole Morten kjem på ballpanna frå i går. Gjestane skal få smake. Han sprett opp frå benken, svingar seg rundt i byssa på den 62 fot lange nederlandske stålyachten med det smektande namnet Samira. Samira kjøpte Ole Morten for nokre år sidan. Med base i Tønsberg er vegen kort til Kosterøyane og skjergarden langs vestfoldkysten. Båten har alle fasilitetar, Ole Morten treng inga tomt på land for å kjenne seg heime.

Under ei luke i dørken står herlegheita gøymd. Ekte ball med skikkeleg tilbehør, akkurat slik ein nordvestlending vil ha det. At vi er i Tønsberg, reduserer ikkje behovet for autentisk vare. *Skal det vere ball, må det vere skikkeleg ball*, og Ole Morten har snappa opp nokre triks frå ho mor. Han løftar av loket og snusar.

– Steike god ball, seier han nøgd på usliteleg roms-

daldialekt og slengjer på loket. Guten kan lage ball, det får vi sjølve snart stadfesta.

Men alle som kjenner Ole Morten Husøy, veit at det ikkje trengst god mat for å kome i godt humør i hans selskap. Ole Morten er eit einmansshow av gode forteljingar og saftige replikkar. Om han ikkje brukar sitt eige personlege album med tallause sjølvopplevde episodar og anekdotar, kan han ause av alle bøkene han har lese. Ole Morten er sjeldan heilt stille. Han har ein tilsynelatande usliteleg energi. Av opplevingstrong og vitelyst.



I ein alder av 43 år har Ole Morten Husøy opplevd meir enn dei fleste andre gjer i løpet av heile livet. – Eg er meir knytt til personar enn til stader, seier han.

Men så var det alt som hende på åttitalet, då. Og på nittitalet. Og i går. Eller i syttiåra. Ovanstående episode med det vesle ball-intermessoet illustrerer utfordringane ein raskt vert konfrontert med når ein set seg føre å lage eit portrettintervju med Ole Morten Husøy. Alle håp om ei kronologisk framstilling frå intervjuobjektet si side, vert raskt knust. For det er rett og slett ikkje slik Ole Morten er. Likevel er

det ein raud tråd i livsveven hans, ein tråd som kan finnast att i det meste av det han har drive med og opplevd, og det er ikkje lite. Tråden går rundt kloden. På kryss og tvers.

Døden

Åttiåra, ja. Ballgryta står på komfyren og Ole Morten er tilbake ved bordet. Han tek ein slurk av kaffikoppen og ser meg rett i augo.

– På åttitalet fekk eg ei tråldør over meg ved Aust-Grønland. Så var eg ute for ei motorsykkelulykke, og i tillegg låg eg i koma i fleire døgn med hjernebetennelse. Alle tre gongane såg eg døden i kvitauget, og kvar gong kjende

eg ei fantastisk takksemd over å få leve vidare. Eg sa til meg sjølv: Ole! Du veit aldri om det blir nokon morgondag, så du får gjere maksimalt ut av stunda her og no... Derfor utset eg ingenting. Dette har vore mitt motto. Eg har opplevd utruleg mykje, og eg har gått på nokre smellar. Men så kan eg også seie til meg sjølv at om eg stryk med i kveld i ein alder av førtitre, så har eg *gjort* noko med livet mitt; kanskje meir enn folk som blir både åtti og nitti. Eg har – *ja, eg har levd*. Skjønar du?

Vi skal kome til å skjønne ganske mykje etter kvart som samtalen skrid fram nede i kahytten på Samira. I løpet av eit par timar får vi innblikk i eit liv i *rørse*.

Skipper!

Våren 1978 var han lei av grunnkurset han gjekk på ved Sykkylven vidaregåande skule og skaffa seg plass som messegut på ein fabrikktrålar.

– Etter ei veke om bord såg eg klart kva eg ville, eg ville bli skipper! Kanskje var det ikkje så rart, for heile slekta mi på begge sider har vore losar, fiskarar og sjøfolk, så slik sett er eg vel arveleg belasta...

Ole Morten lærte altså tidleg å sette sjøbein. Etter fiskarfagskulen og diverse opphald på fabrikk- og reketråling, tok han utdanning som andrestyrmann i 1980. Som tjuetreåring var han ferdig utdanna kaptein. Til å begynne med heldt han seg til fiske.

– Eg har fiska ved Chile, i Raudehavet, på Grønland, i Alaska, på Svalbard... Eit fint liv, men etter kvart tenkte eg at det måtte vere moro å prøve noko anna, mimrar Ole Morten.

Som tenkt, så gjort. Etter å ha teke tilleggsutdanning i økonomi og administrasjon, kasta han seg på eit to månaders vikariat innan cruise. Dei to månadene vart til ni år på ti forskjellige skip, mellom dei SS Norway, der han var 1. styrmann. Han segla på alle verdshav, vart lommekjend i Karibia og fekk føling med bitande frost i Antarktis.

– I 1998 gjekk eg i land. Då hadde eg arbeidd 19 år på sjøen, fortel Ole Morten.

Konsulent

Men sjølv om han fekk fast grunn under føtene, visste han



Samira, den 60 fot lange yachten Ole Morten kjøpte for ei tid tilbake, ligg ved Tønsberg brygge gjennom vinteren, og er ein fin base for Ole Morten, som reiser mykje i jobben som konsulent i skipsindustrien.

at han måtte drive med maritime syslar. Han starta sitt eige konsultentselskap.

– Eg fekk snart mange engasjement i firma som leverer utstyr til skipsindustrien, og då fann eg ut at London måtte vere ein glimrande base. Der har eg framleis ei leilighet med utsikt til hamna på to sider. Eg er ofte der, men synes det er deilig å ha Samira når eg er i Norge, seier Ole Morten.

Engasjementa for maritim industri har også ført Ole Morten verda rundt, men no på vingar og ikkje på kjøll. I fire månader var han kvalitetssikringssjef for eit firma i Dubai, og i nesten tre år var han med og utvikla brusystem for tankarar og containerskip som vart bygde i Tyskland og Korea. Mellom mykje anna.

– No for tida samarbeider eg med eit selskap i Drammen om design av kommandobrue til offshore-fartøy, seier Ole Morten.

Vi skriv så blekket sprutar, og kjenner oss teppebomba av CV-en som renn ut av munnen på den maritime altmulegmannen. Det er langt frå Sykkylven til Dubai. Eller Chile. Eller Antarktis. Og det er langt frå Straumgjerde til Nord-Afrika. Ole Morten har nemleg vore der òg. Men det må vi nesten kome tilbake til...

Frå Ona

Ole Morten Husøy stammar frå det vesle fiskeværet Ona på både mors- og farssida. Det var derifrå han kom då han i



I byssa på Samira blir mangt eit godt måltid til. Ole Morten Husøy liker å lage mat.

1972 slo seg ned i Sykkylven saman med far, mor, søster og bror. Familien busette seg først i Straumgjerde. Det var ikkje problemfritt å byte ut den uendelege horisonten der ute i havgapet med Straumshorn og Holetindane.

– Nei, i Straumgjerde treivst eg definitivt ikkje. *Det vart så trangt!* Folk og medelevar var OK, men det var som om eg ikkje fekk puste verken psykisk eller fysisk. Eg hadde faktisk astma, og eg skal love deg at den ikkje vart betre av synet av Gullmorbreen, Blåbretinden og gud veit kva dei heiter alle fjella der inne. Vi hadde vore eitt år på Ona, og du kan tenkje deg forskjellen i geografi. Før tida på Ona, hadde vi forresten vore i Canada i fire år, også det ute ved kysten, der far var leiar for eit notbøteri. Nei, fjella i Straumgjerde er sikkert fine, men eg var i alle fall ikkje skapt til å bu under dei, sukker Ole Morten.

Men den geografiske frustrasjonen gjorde ikkje unge Husøy mållaus. Folk vart snart kjende med den høgrøysta romsdalingen som gjorde seg gjeldande i dei fleste situasjonar.

Trivselskurven gjekk rett oppover då familien flytta til Aure og Grebstadlia. Her var det i alle fall utsikt nok.

– Ja, fytterakkern for ein forskjell!

Så fann altså Ole Morten seg plutselig som auring. Og som i Straumgjerde var han aldri redd for å ta den plassen han meinte han trong. Han har i dag ingen problem med å

forstå at mange oppfatta han som original. Han nekta nemleg å late seg uniformere.

– Er den eg er

– Eg har alltid gått mine egne vegar. Har eg hatt lyst til å gjere noko, så har eg rett og slett gjort det. Eg veit at mange reagerer på det, men eg er den eg er, og eg har aldri mangla sjølvtilit. Folk kan akseptere meg, eller late det vere – eg har aldri brydd meg om kva andre meiner, seier Ole Morten. Han har fått sin dose av misunning og kjenner seg att i Tor Johnsons beskriving av byggedyret – denne udefinerbare, usynlege handa som held menneska nede i eit lite samfunn.

– Som nemnt var eg mykje på sjøen i ungdommen. Det kunne i periodar bety eit relativt stort pengeforbruk når eg var i land. Og folk preika og preika, det var visst ikkje grenser for teoriar om kvar eg hadde fått pengane frå. Du skulle forresten sett ansikta til mange då eg kjøpte meg ein BMW coupé på slutten av åttitalet. Rykta gjekk om at eg finansierte livsstilen min med stoffkriminalitet og det som verre var. Berre tull og vrøvl, naturlegvis, men det gjorde meg lynande forbanna. På egne vegner brydde eg meg ikkje, men når ryktespreinga gjekk ut over familien, var grensa nådd.

Ole Morten slår neven i bordet.

- Eg har vel på sett og vis vore ein trussel mot krava om konformitet og kontroll i bygda. Det har hatt sin pris, men den prisen har eg alltid vore villig til å betale.

— Oppfatta du Sykkylven som ein vanskeleg stad å vekse opp?

— Nei, fordi eg aldri har vore redd for å vere meg sjølv. Men det må seiast at eg oppfattar bygda som eit lite ope miljø. Fasaden er fin, mens dobbeltmoralen lever i beste velgåande på baksida. Sykkylven er eit mini-Amerika, der det er flaut å ha problem. Materielt sett er det om å gjere å vere på topp, ha det beste av det siste. Det er denne kombinasjonen av sneversynt moralisme og steinhard materialisme eg reagerer på; folk kavar for å sikre seg størst muleg økonomisk handlefridom, mens dei nektar kvarandre rom nok til å finne ut kven dei er og kva dei vil her i livet!

Ole Morten Husøy tek ein sjeldan liten pause i samtalen.

Perspektiv

— Veit du, det handlar om å sjå livet i perspektiv. Alle nordmenn skulle tatt seg ein tur til Sudan og Etiopia!

No er vi i Nord-Afrika.

— Eg jobba i Raudehavet då Bob Geldof og Band Aid kom med forsyningar til dei hungerramma i Etiopia på midten av åtti-talet. Det hadde seg slik at eg hadde den beste radiosendaren på hamna i Sudan då hjelpesendingane skulle fraktast inn. Eg fekk hyppige besøk av Røde Kors, Band Aid og andre hjelpeorganisasjonar, media og ambassarar som ville låne utstyret vårt. Som ei slags takk for hjelpa fekk eg vere med inn i dei verst ramma områda. Eg såg folk døy der, inntrykka var ubeskrivelege. Når du opplever slikt, får du eit anna perspektiv, du ser kva som betyr noko, og du ser alle dei hjelpelause liva som aldri får ein sjanse. Det bur milliardar her på kloden, og nordmenn har fått vinnarloddet i det globale lotteriet. Problemet er berre at altfor få av oss er klar over det. Sjølv har eg vore i 180 land, men du treng ikkje reise til så mange for å sjå kor privilegert du er, som nordmann — ja, som sykkylving, for den del...

Optimist

Slik er Ole Morten Husøy. Dei som kjenner han, veit at han har det med å hamne i situasjonar som gir minne for livet. Etiopia var tragisk og gjorde eit djupt inntrykk, mens opphaldet i Dubai kan gjenfortellast i lysare fargar. Her fann Ole Morten seg plutselig i rolla som laken- og sandalkledd blåøygd oljesjeik i Synnøve Svabø sit underhold-

ningsprogram på TV2. Sjølvtilitt har han nok av, men sjølvironi er heller inga mangelvare. Dette, para med ei forteljarevne av guddommelege proporsjonar har fått mangt eit lystig lag til å krøkje seg i latter. For Ole Morten er ein glad gut. I alle fall for det meste.

— Ja, eg er grunnleggande optimistisk og ser lyst på livet. Eg kan ha mine tunge stunder, men dei varer sjeldan lenge. Eg har sett så mykje og møtt så mange menneske som slit med livsvilkår vi ikkje kan forestille oss. Når eg tenker på desse, ser eg at eg ikkje har nokon grunn til å klage. Eg ser det som ei plikt å gjere det beste ut av ein kvar situasjon, sjølv om oddsa kan sjå dårlege ut.

Rastlaus

Ole Morten Husøy er ein rastlaus person, stadig på veg frå og til stader og opplevingar.— Eg har jo vore tjue år på sjøen, og dessutan trur eg at eg er arveleg disponert for å vere rastlaus, smiler han. Men no har eg teke over farsgården på Ona, og i det siste har eg lagt ned store ressursar på å sette våningshuset i stand. Ona, med havet og slektshistoria, er noko spesielt for meg.

— Og Sykkylven?

— Vel, eg kjenner meg ikkje særleg knytt til Sykkylven som stad på kartet, men eg er veldig glad i mange som bur der. Eg brukar mykje tid på å halde kontakten med vener og familie som betyr mykje for meg, både der og andre stader. Men særleg stadbunden er eg ikkje — snarare personbunden.

Ballgryta putrar, maten er klar. Ole Morten reiser seg og går bort til komfyren. Det luktar godt i båten her ved brygga i Tønsberg. Vi har etter beste evne nøsta opp den raude tråden i livet til Ole Morten Husøy. Den tråden som består av hav, himmel og menneske. Og ein aldri kvilande vilje til å gripe dagane og dei mulegheitene livet gir.



Eldar Høidal (f. 1956) er møbelhistorikar og har i ei årrekke vore knytt til Norsk Møbelfagleg Senter.

Eit liv for fellesskapen

Av Eldar Høidal

Dei siste åra har arbeidsgjevarar skrytt av dei lokale fagforeiningane og hevda at samarbeidet alltid har vore det beste. Vebjørn Aarhuus (80) kjenner ei anna historie, ei historie som fortel at framgangane ikkje har kome rekande på ei fjøl.

Vebjørn Aarhuus er ein av pionerane i fagrørsla i Sykkylven. I 1945 var han med å skipe Sykkylven Tre-industriarbeiderforening saman med kameraten Petter Kursetgjerde.

Fagforeningsveteranen er glad for at kampen har stilna, både for eigen del og på arbeids- kameratane sine vegne.

Helsa har skranta noko dei siste åra, og han har sett sjukehusveggane frå innsida oftare enn hyggeleg er. Men sjølv om åra har sett sine spor kviler det likevel ei bestemt ro over andletet hans. Trass den lågmælte røysta og dei vennlege augene skjønar vi at Vebjørn har vore ein person med ein fast karakter. Har han gjort seg opp ei meining, har han hatt kraft til å stå på ho. Og ved sida hans har kona Oddbjørg frå Ålesund stått i alle år sidan 1950. Dei har delt syn på det meste. Oddbjørg var den andre kvinna som melde seg inn i Sykkylven Treindustriarbeiderforening. Først ut var Guri Bakke. Dei to Hjellegjerde-tilsette melde seg inn same dagen.

Bakar på Svalbard

Før vi går vidare i den lokale industri- og arbeidarsoga vil Vebjørn gjerne ta oss med litt lenger attover i historia. Han har sans for dei lange linjene og synest dagens unge kan lære ein del av å høyre om korleis dei som gjekk før oss hadde det. Mora var frå Davik i Nordfjord. Ho var eldst av ti

søsken og faren hennar døydde då han var 45 år. Då han døydde, var kona gravid med det tiande barnet. Ho måtte drive garden vidare saman med borna. Berginga var at garden hadde part i eit notlag, seier Vebjørn. Slik vart det både verdfull næring og litt pengar til det store hushaldet.

Faren, som også heitte Webjørn – med dobbelt-v-, hadde ein annan bakgrunn. Han kom frå Ørsta og var av haugianarslekt. Oldefaren hans, Webjørn Svendsen Raunsgaard, var ein nær ven av Hans Nielsen Hauge. Denne Webjørn kjøpte store delar av Ørsta sentrum, inkludert Ørsta kyrkje,

og han og etterkomarane hans var sentrale industripionerar i kommunen. Faren til "vår" Vebjørn utdanna seg til bakar, og frå 1917 laga han bakarvarene til alle dei tilsette ved Kings Bay Kullcompagnie i Ny Ålesund på Svalbard. I Ny Ålesund, som var siste utpost før dei lokkande polområda, hadde faren også kontakt med mange polfararar, mellom andre Roald Amundsen som var hos Aarhuus senior og provianterte før han

la ut på den siste av ekspedisjonane sine.

Webjørn snr. og Marie vart gifte i 1906. Dei hadde to born då han reiste til Svalbard og fekk det tredje der. I tre år var familien saman med han før dei måtte reise attende til Sykkylven. Det var ikkje lov å ha born der oppe lenger enn tre år, på grunn av ulempene med mørketida. Heimreisa skjedde tre månader før Vebjørn vart fødd, og han var såleis den einaste på båten som reiste i eigen lugar, seier han spøkefullt.

Stivbeinte lærarar

Han vart fødd i desember i 1923 og då var faren attende i Sykkylven. Familien budde på Bårdplassen på Grebstad.



Vebjørn (t.v) og broren Kristen på sykkelstur til Nordfjord sommaren 1945. Her er dei på vitjing hos ein slektning i Hornindal. Kameraten Arne Johansen var også med på turen. Dei hadde med telt som dei overnatta i.

Dei kjøpte garden av Bastian Aure. Handelsmannen Bastian Aure var også arbeidsgjevaren til bakar Webjørn Aarhuus nokre år.

Vebjørn fekk ikkje nokon vidare skulegang. Sju år på folkeskulen måtte rekke. Og med lærarar som Johan Eidem og Elias Frøysa vart vel ikkje utgangspunktet så heilt magert. Dette var i alle fall lærarar som greidde å halde ro og orden i klasseromet, minnest Vebjørn.

-Elias Frøysa var ungkar, og ein det stod stor respekt av. Han var både bankmann og klokkar ved sida av lærargjerninga. Frøysa trong ikkje å heve stemma mykje for å få oss til å lytte. Han berre såg på oss. Ja, han såg rett gjennom oss. Det var ingen som våga å lage uro i timane hans. Og vi plikta å helse når vi møtte dei. Så snart vi såg lærarane, var det å ta av seg hua og førebu seg på eit djupt bukk. Salmeversa måtte vi lære på rams, og vi lærte dei. Våga ikkje anna. Det ringaste var vel gymnastikktimane. Lærarane var i ferd med å verte noko gamle og stivbeinte. Det var ikkje alle turnøvingane dei greidde å vise like godt, humrar han.

-Vi måtte hjelpe til med arbeid allereie då vi gjekk på skulen. Fisketørrking var vel den første industrien i Sykkylven. Det var ei viktig attåttnæring for dei som budde på gardane her. Eg hugsar at det kom store båtar med salta fisk frå Nord-Noreg, fisk som skulle tørkast før han vart eksportert. Det var kamp mellom oss skulegutane om å få kome om bord i båtane for å rive laus saltfischen frå stablane. Han var salta like etter at han var filetert for å tole den lange transporten sørover hit. Vi fekk han over i båtar og landa han i fjøra der den lange tørkeprosessen tok til. Dette arbeidet dreiv vi med etter skuletid frå tidleg på våren. Vi måtte vaske fisken i vatn, som gjerne var iskaldt. Så var det å leggje han utover på steinane i fjøra. Når det var utrygt for regn, eller for sterkt solskin, la vi fisken opp i stablar på tusen fisk, og tekte stabelen med presenning og eit lokk for at han ikkje skulle bli skada. Tørkarane fekk betalt for kvar tørka fisk. Vebjørn minnest at dei i tredveåra fekk 30 kroner for kvar tusen tørka fisk. Det var det same som ein 50 kg mjølsekk kosta.

Oddbjørg, som kom til Sykkylven i 1946, hugsar at det også vart tørka fisk etter den tid. Ho arbeidde ei tid på tørkeanlegget i Ullavika, som Magnus Karlsen var styrar for. Ho hugsar at det vart heist opp eit kvitt flagg når dei skulle kome til plassen for å arbeide.

Etter at Vebjørn var konfirmert, måtte han søkje fast arbeid. Han starta som dreng i Liabygda, hos Jørgen Overå. Det vart lange dagar. -Eg brukte stuttorven til hendene trutna, fortel han. -Arbeidsdagane varte som regel frå åtte om morgonen til åtte om kvelden. Men heldigvis var det lagt inn ei kvilelykt mellom kl 12 og kl to, elles hadde det ikkje gått, seier Vebjørn. Han arbeidde som dreng i nesten tre år og



Sankt Hansaftan 1947 vart Vebjørn og Oddbjørg forlova. Dei var kledde i bunad fordi dei var med i leikarringen til Sykkylven frilynde ungdomslag som hadde danseframvisning denne dagen. Biletet er teke på Storhaugen på Aspøya i Ålesund.

var også innom ein gard på Stranda. Månadslønna var 25 kroner, i tillegg hadde han kost og losji.

Individualistar

Det vart ei monaleg auke i timeløn då han tok til på Vestlandske Lenestolfabrikk 7. oktober 1941. Her var byrjarlønna 50 øre timen. -At eg fekk jobb på Vestlandske hadde kanskje samband med at kona til disponert Fridtjof Fredriksen, ho Signe, var fadderan min.

På Vestlandske kom Vebjørn i snikkaravdelinga der Petter Kursetgjerde var formann. Med det vart eit livslangt vennskap og eit nært samarbeid innleia. Etter krigen var det desse to som gjekk i brodden for å få arbeidarane i den lokale møbel- og trevareindustrien organiserte. Dette tiltaket vart nok ikkje sett like stor pris på av arbeidsgjevarane. Både Vebjørn og Petter Kursetgjerde hadde ei kjensle av at dei som engasjerte seg i fagforeiningsarbeidet vart uglesette. Begge slutta på Vestlandske i 1946.

- Det var ikkje råd å få full oppslutning om fagorganisasjonen, korkje på Vestlandske eller i dei andre møbelbedriftene, fortel han. Mange av dei som arbeidde i industrien, hadde gard. Sjølv om fabrikkarbeidet var hovudyrket, kjende dei seg likevel som gardbrukarar, og dei stod gjerne i bondelaget, og ikkje i småbrukarlaget. Dei var stolte individualistar som meinte at dei var noko meir enn vanlege arbeidarar.



Vebjørn og Oddbjørg tok med seg borna på skiturar så ofte dei hadde høve til det. Otto Hjellegjerde og familien hans var gjerne med på turane. Her er dei på tur i området ved Vassætra ca 1963. Bak frå venstre; Svein Hestholm, Oddbjørg Aarhuus og Otto Hjellegjerde. Framme frå venstre; Liv Bente Sandal, Astrid Hjellegjerde, Wenche og Hans Kristian Aarhuus. (Foto: Vebjørn Aarhuus)

- Det er ikkje tvil om at bedriftene har tjent på at det har blitt større oppslutning om fagforeiningane, seier Oddbjørg. Før gjekk dei kvar enkelt for å kave til seg sjølv. Etter at det vart gjort avtalar for alle på ein gong, vart det rolegare, meiner Oddbjørg, som sjølv har arbeidarbakgrunn. Far hennar var tønnebakkar hos Martinussen, som hadde verkstad på Molja i Ålesund.

Først i styret

Etter ein kort periode på Lunheim Møbelfabrikk i Ullavika, byrja Vebjørn på Hjellegjerde i 1949. Det tok ei tid før det vart heilt stovereint å arbeide for organisasjonen her også. Då det vart aktuelt å kalle arbeidarane saman i ei foreining, ville direktøren sjølv, han Otto, også vere med. Han meinte at han også var arbeidar og at han ikkje kunne haldast utanfor ei foreining i den bedrifta han arbeidde for, seint og tidleg.

-Ja, det var kanskje ikkje så merkeleg at dei hadde vanskar for å akseptere det nye i arbeidslivet, dei som bygde opp fabrikkane frå grunnen, seier Oddbjørg. Dei hadde gjerne starta bedriftene i kjellarane og hadde hatt kontroll på smått og stort. Dei ville gjerne ha det slik også etter at dei hadde fått fleire tilsette.

Vebjørn og fleire med han fann det vanskeleg å finne seg i at dei skulle haldast utanfor alle dei viktige avgjerdene. Etter kvart vart arbeidarane tekne med på råd. Etter at aksjelova i 1973 bestemte at arbeidarane hadde rett på representasjon i styra i bedrifter med over 50 tilsette, vart Vebjørn den første representanten for dei tilsette i styret i Hjellegjerde Møbler. Han var i klart mindretal, men likevel opplevde han det som nyttig og lærerikt å få vere med i diskusjonane omkring utviklinga av møbelfabrikken.

Strandsona

Vebjørn og Oddbjørg var ikkje berre tilsette ved Hjellegjerde.

Sidan 1950, då dei flytte til småbruket på Fauske, som dei kjøpte i 1963, har dei også vore næraste naboar til verksemda. Det hadde sine føremoner å bu så nær arbeids-plassen, men dei har også opplevd baksida av medaljen.

Etter at bedrifta ekspanderte trong ho meir og meir plass. Bedriftsleiarane både på denne sida og andre sida av fjorden meinte at sjøen og strandlina var uproblematisk å bygge ut. Sjøen var det likevel ingen som hadde noka glede av, meinte dei. Vebjørn og Oddbjørg opplevde at strandlina dei åtte vart eten opp bit for bit. Til slutt kjente dei at dei måtte setje foten ned.


-Vi syntest det var urett at ei bedrift skulle få bygge ned så mykje strandsone i eit område som gjennom gene- rasjonar har blitt nytta av ålmenta til friluftsføremål. Badeplassen nedanfor huset vårt har vore ein omtykt tumleplass for mange gjennom ei årrekke. Og etter at fylkesmannen og Miljøverndepartementet gav oss medhald i klaga vår, har badeplassen, nausta og resten av strandlina aust for fabrikkken no endeleg blitt varig verna.

Då vi var på vitjing, ein varm augustettermiddag, kunne Vebjørn fortelje at Oddbjørg, som nyss hadde fylt åtti år, hadde vore ein flittig gjest på badeplassen dei siste dagane. Etter at skrivaren hadde reist, skulle ho ned å kjøle seg av igjen. Nokre dagar seinare frette vi at også Vebjørn hadde vore å bada i fjøra.

Dei vil helst ikkje rippe særleg opp i det som skjedde kring denne saka. Dei er berre glade for at det no ser ut til å ha roa seg. Dei er glade for dei arbeidsplassane som er på Hjellegjerde og gled seg med dei tilsette over at situasjonen til bedrifta no ser ut til å ha kome inn i eit betre spor enn tilfellet var for nokre år sidan.



Barnebarnet Bjørn Erik Espe har gjort storfangst av sei i Sykkylvsfjorden. Vebjørn har vore ein ivrig hobbyfiskar og båten vart også mykje nytta til søndagsutfluktar.



Veibjørn arbeidde dei fleste yrkesaktive åra sine ved Hjellegjerde Møbler som er næraste nabo til småbruket hans i Fauskebygda. Naboskapen har skapt både glede og bekymringar. I dag er det roleg og Veibjørn gled seg over at møbelbedrifta ser ut til å ha kome i god gjenge att, også økonomisk. (Foto: Eldar Høidal)

Lokalpolitikar

Veibjørn og Oddbjørg snakkar heller om dei gode minna. Om tida i Sykkylven Blandakor, der dei treftest kort tid etter krigen og knytte kjærleiksband, om åra i ungdomslaget og alle utfluktene då dei var saman med alle dei andre aktørane i laget sin leikarring. Veibjørn har heller ikkje så mykje imot å tenkje tilbake på alle oppdraga han hadde som kjøkemeister i bryllaup. Om lag 300 bryllaup var han programleiar i. Han kan framleis på rams songar som kjøkemeisteren måtte framføre for å sette gjestene i den rette stemninga.

Det finst nok ei baksida av denne medaljen også, for dottera Wenche seier ofte på spøk at ho knappast kjende far sin før ho vart 12 år. Han var på møte og samankomstar mesteparten av tida, syntest det som.

Oddbjørg er ikkje heilt sikker på om det var fullt så gale, i alle fall dreia dottera faren rundt veslefingern lenge før ho var 12! Og at ho ville ha endå meir samver med faren sin enn ho fekk, er vel eit godt teikn. Familien Aarhuus var elles ofte å sjå i nære fjellområde og i skiløypene. På fine sommardagar vart gjerne robåten nytta til familietur.

Veibjørn har ingen vanskar med å innrømme at han var mykje på farten. Han lika seg blant folk og han trong andre ting å konsentrere seg om enn arbeidet. Han var mellom anna lenge i lokalpolitikken, både i kommunestyre og formannskap. Særleg lika han seg i bygningsrådet, i skulestyret var det turrare saker, synest han.

- I bygningsrådet fekk eg vere med å leggje tilhøva til rette for vekst og utvikling i Sykkylven kommune. Mellom anna er eg glad for at eg fekk vere med på å realisere byggjefeltet som populært bli kalla Grautåsen på Ikornnes. Det var ein grunneigar der som lenge vegra seg mot å selje grunn. Eg fann ut at eg ville gjere eit ny forsøk og kontakta han. Eg hadde god trening i å forhandle, så det gjekk ikkje svært lang tid før vi kom fram til ei semje. Dette vart det største byggjefeltet til då i kommunen, med plass til 150 tomter. Eg hugsar vi diskuterte i bygningsrådet om det var nok med éin tilførsleveg til feltet. Vi konkluderte med at det var det, og det har vel gått greitt til denne tid.

Samhandling

Både Veibjørn og Oddbjørg følgjer framleis godt med i det som rører seg i samfunnet. Særleg er dei opptekne av utviklinga i det partiet dei begge har kjent seg heime i i over 60 år, Arbeidarpartiet. Veibjørn synest partiet har flytta seg vel mykje mot høgre i det siste. Det har blitt for mykje privatisering og marknadsstyring. - Eg skjønner ikkje at dei kan gå inn for at gode og lønnsame statsbedrifter vert selde, og til og med overlatne til utanlandske kapitalinteresser, slik som mellom anna skjedde med Olivin på Åheim for nokre år sidan. Oddbjørg som sit ved sida hans under heile samtalen, nikkar samd. -Kvifor kan ikkje slike bedrifter vere på norske hender og bringe pengar inn til fellesskapen, spør ho.

Interessa for det som tener fellesskapen og reaksjonen mot urettvise har vore ein samnemnar for dette ekteparet, som no har halde saman i over 54 år. Dei fekk aldri namna sine festa til ein fabrikkfasade, men dei var med å kanalisere skaparkrafta og energien som fanst hos vanlege arbeidsfolk i Sykkylven inn eit konstruktiv samarbeid med dei som



Oddbjørg og Veibjørn Aarhuus har halde saman i over 54 år. Kvart år feirar dei bryllaupsdagen den 17. juni, saman med familien. (Foto: Eldar Høidal)

Leonhard Vårdal, f. 1951, er lektor og underviser ved Stranda vidaregåande skule, og er også kjend for sine valanalyser i radio og aviser. Han har også gjort ein viktig innsats innan lokalhistorisk arbeid med å formidle kunnskap om dei arkeologiske funna på Aure.

FRÅ STORGARD TIL KOMMUNESENTER OG INDUSTRISTAD –historisk vandring i Auregarden

Av Leonhard Vårdal

Under Sykkylvsdagane 2003 var det samla om lag to hundre menneske til historisk vandring i Auregarden. Per Arne Grebstad var historisk vegleiar frå Aura-Pål si tid til dagens tunskipnad på Aure – med særleg vekt på 1880-talet, då Aure fekk ny kyrkje og vart kommunesenter i den nyskipa Søkvelven kommune.

Aure

Garden Aure strekkjer seg frå Aurehaugen i sør til Ullavika i nord. Aurehaugen kjenner vi i dag som Rellingplassen. Jakobs garden i Ullavik høyrer også med til Aure. I aust grensar Aure mot Høgset. I vest hadde ein Sanden og Moen, og her vaks det som vi i dag kjenner som Aure sentrum fram, heilt nede ved sjøen der det var gode tilhøve for å bygge kai. Men det opprinnelege sentrum var i utgangspunktet knytt til brønnane, ein ved kyrkja og to oppe i sjølve Auregarden.

Aura-Pål

Utgravingane på Auregarden har vist at Sykkylven har ei fleire tusen år lang historie. Det var også utgangspunktet Per Arne Grebstad tok då han innleia framfor fleire hundre frammøtte som ville vere med på ei historisk vandring rundt i Auregarden under Sykkylvsdagane i 2003. I Per Arne si orddrakt fekk vi høyre at Aura-Pål måtte vere heime,

fordi han ikkje var konfirmert då faren, Ågne Skofteson, og brørne la ut på korsferd til Jerusalem. Dit kom dei aldri, dei døydde og vart gravlagde i Roma. Men Aura-Pål vart heime, og er den fyrste historisk kjende personen på Aure.

Kommunesenter

Auregarden, med tunskipnaden slik vi kjenner den i dag er sjølvsagt mykje yngre. I byrjinga av 1880-talet skjedde det store omveltningar i området. Den gamle korskyrkja vart riven, ny kyrkje vart bygd og Sykkylven vart

utskild frå Ørskog som eigen kommune. Den nye kyrkja kravde meir plass enn den gamle, og husa i Eljas garden og Pihlgarden blei flytta dit dei står i dag. Den nye kommunen hadde trong for byråkratiske funksjonar, og plass til desse fann ein i dei store gardhusa som hadde blitt bygd dei siste åra.

Bank var der alt. Den hadde blitt starta i 1864 i Bøgarden øvst i tunet. Der har dei framleis den fyrste bankpulten, og han var utstilt framme i Bøgarden, slik at vandrane fekk sjå han denne dagen. Stovehuset i Jangarden vart kommunehuset i den nye kommunen.

Då banken vart flytta frå Bøgarden til Jangarden i 1889, var mange av dei mest sentrale funksjonane samla i kjellaren i Jangarden. Her var kommunelokale, forliksråd og bank – og kjellaren vert framleis kalla bankkjellaren. Her heldt kommunefunksjonane hus heilt til 1908, då det vart bygd eit nytt bygg lenger inne i Auregata. Det var eit staseleg nytt bank- og kommunehus, det som vi i dag kjenner som gamlebanken.



Per Arne Grebstad leia den historiske vandringa gjennom Auregarden.
Artikkelforfatteren er mikrofonstativ. Foto: Eldrid Suorza.



Mange møtte fram til historisk vandring gjennom Auregarden under Sykkylvsdagane 2003.
Foto: Eldrid Suorza.

Det var likevel ikkje alle funksjonane i det moderne samfunnet som hadde tilhald i Jankjellaren. Den fyrste jordmora i Sykkylven bodde i Overågarden, og posten hadde tilhald i Kapralgarden. Folket i Kapralgarden har hatt sentrale posisjonar i Postverket i lange tider, og kan trygt nemnast som "postslekta". Seinare vart postfunksjonane og flytta inn i Auregata. Som ein liten kuriositet vart det nemnt at Sykkylven kommune kunne feire 120 år 1. juli 2003.

Industrisenter

Auregarden er likevel meir enn berre gard og byråkrati. Her kom den fyrste industribedrifta i Møre og Romsdal. I 1814 vart teglverket på Nyborg etablert, og det var i drift i tre periodar fram til 1911. Den siste styraren var Kristian Bjørhus, som bodde i Jangarden.

Merke etter teglverket finn vi fleire plassar. På Aure kan vi kvar dag sjå den raude teglsteinen i Gamlebanken, og under oppbygginga av Ålesund etter brannen vart teglstein frå Aure brukt i pipene i byen. Ellers vart stavkyrkja på Sæbø tekt med takpanner frå teglverket på Aure.

Teglverket skapte ringverknader. Teglstein og andre produkt måtte frakast ned til sjøen. I den fyrste tida vart produkta truleg frakta på lunjasledar, men seinare vart det bygd kjerrevegar. Etter kvart vaks det fram fleire, etter tida, gode vegar i området.

I den siste perioden verket var i drift, vart det også bygd

jernbane, og merket etter henne finn vi mellom anna i skjeringa ved bryggebakken i Overågarden. Det var store hestar som drog vognene, og ei merr må særleg ha merkt seg ut, for ein kan framleis høyre snakk om "Bjørhusvartå".

I den fyrste tida vart steinen fløta ut til båtar som låg for anker ute på sjøen. Dette vart tungvint, og i 1895 vart den fyrste kaia bygd på Aure.

Etter kvar vart kvaliteten på leira dårlegare og teglsteinen frå teglverket på Aure tapte i kampen mot mellom anna sementsteinen som vart produsert lenger inne i fjorden. I 1911 var det slutt på teglverket, men ikkje på industriproduksjonen. Som i så mange

andre kjellarar i Sykkylven, vart det produsert møblar i nesten kvar einaste kjellar på Aure. Denne produksjonen heldt fram langt ut på 1950-talet.

Den historiske vandringa gjennom Auregarden viste at husa og innbygarane på Aure har spelt ei sentral rolle i framvoksteren av lokalsamfunnet vårt. Dei som var med på vandringa, fekk med sjølvsyn sjå at dei som bor der i dag har vore flinke til å ta vare på minna frå denne tida.



Informasjonstavle om funna i Auregarden vart avduka under Sykkylvsdagane 2003. Frå venstre lurblåsar Per Svein Tandstad, ordførar Jan Kåre Aurdal og leiar for Auremark-prosjektet, Ola Longva. Foto: Eldrid Suorza.



Roald Solheim, f. 1946, er rektor ved Hundeidvik skule og har gjennom mange år vore aktiv i lokalhistorisk arbeid i Sykkylven.

Petter Myrseth: Felemakar, fotograf og fridomsven

Av Roald Solheim

Like under Hovdeåsen, høgt og solraust over Hjørundfjorden ligg Myrsetgarden i Hundeidvik. Lenge var her berre to bruk. Men stutt etter fyrste verdskrigen vart Eliasgarden delt. Det nye bruket fekk namnet Bøen. Her bur Petter Myrseth. Han er no 87 år gammal, men åndsfrisk og sterk som ein 60-åring. Petter har mykje å fortelje.

Nybrottsmannen

Petter er son til Karl Myrseth og Anna Jensdotter frå Gjævenes. Karl og Anna vart gifte i 1914. Saman fekk dei fire born. Det var Marthe i 1915, Petter i 1917, Olava i 1918 og Jens i 1920. Den fyrste tida budde familien hjå Ole og Olave Utgård i Myrane. Karl var jamt ute på fiske. Planen var at dei to skulle få Bøen, ein del av farsgarden på Myrseth. Dette gledde dei seg til. Alt i 1920 bygde dei seg stovehus på Bøen. Petter hugsar at dei kom med det demonterte hustømmeret på jekter heilt frå Stordal. Då var han berre tre år gammal. Han Jens-morbror, (Jens Gjevenes) og han Lars-farbror (Lars Myrseth) køyrde tømmeret med hest og slede frå kaia og opp til Bøen. I 1922 fekk Anna og Karl skøyte på bruket. Dei var sjølveigarar! No var det formelle i orden, og dei vona å kunne halde fram med arbeidet på det nye bruket.

Men lagnaden ville det ikkje slik. Mor til Petter vart alvorleg sjuk, og ho døydde dette året, berre 31 år gammal. Ei stor sorg hadde råka den unge huslyden. Karl stod att åleine med fire små born og hadde ingen til å stelle for dei. Tidlegare hadde han, som alt nemnt, vore mykje på sjøen, og skaffa utkomme på den måten. Men å reise frå borna no, og vere borte lange tider i gongen, var uråd. Bøen var for det meste udyrka, så på det tidspunktet var jordvegen lite å leve av. Fjøs og løe hadde dei heller ikkje. Ei kort tid hadde dei nokre husdyr i kjellaren.

Det er vanskeleg for oss i dag å setje oss inn i situasjonen. Vi må hugse på at dette var før dei sosiale ordningane vi har i dag, var komne. Veslebror Jens var berre to år då mora døydde. Han fekk bu hjå nokre slektningar i Ålesund, og vaks opp der. Dei tre andre borna vart verande på Bøen. Karl må ha vore ein sterk mann. Året etter at kona døydde, tok han til å byggje løe. Då driftsbygningen var på plass, tok han til å bryte meir jord. Jorddyrking var den gongen

eit blodslit samanlikna med i dag. Traktor var det ingen her som hadde. Hest hadde dei heller ikkje på Bøen enno. Hakke, spett og spade var viktigaste reiskapane. Kom dei bort i store steinar, måtte dei til med minebor og slegge, og seinare sprengje steinane med dynamitt.

Jarnvegen

Verst var det med transporten. Då fekk Karl ein idé. Han kjøpte eit parti brukte anleggsskinner. Skinnene la han parvis på tresviller, med lett halling nedover terrenget og med ein sving på jarnvegen til slutt. På skinnegangen plasserte han ei traust vogn. Etter kvart som han hadde grave laus steinane, baska han dei opp på vogna. Når vogna var full-lasta, skubba han ho unnabakka til ho stoppa. Så leste han av steinane og mura lange og høge stein-gjerde. Desse murane kan vi sjå den dag i dag. Ferdig med lossinga, skubba han den tomme steinvogna tilbake mot- bakke, og leste så på eit nytt lass. Han starta med dyrkinga lengst nede på innmarka, og flytta skinnegangen høgare oppover i lia etter kvart som jorda nedanfor vart rydda. Der var mykje grøfting, eit arbeid som også vart utført med hakke og spade. Slik rydda Karl bruket teig for teig. Så snart Petter og dei to systrene vart store nok, vart dei med på dette arbeidet. Petter hugsar at kvar jernskinne var 6 meter lang, og ganske tung å flytte for hand. Men Petter opplevde ikkje jordarbeidet som slitsamt. Det var berre slik det var. Han vart opptrena etter kvart. Og det var kjekt å sjå at myr og pasmark vart til åker og eng. Dei to systrene til Petter, ho Marthe og ho Lava, var flinke til å hjelpe til både ute og inne, og etter kvart også i fjøset. Om somrane gjekk dei på setra. Marthe gifte seg med Jakob O. Utgård i 1949 og flytte heimanfrå. Vi forstår kanskje betre kva innsats denne familien gjorde som jorddyrkarar, når vi høyrer at dei etter kvart fora fem mjølkekyr, hest, sauer og ungdyr. Dei utførte eit arbeid på nokre tiår som mange andre måtte nytte generasjonar på.

Men så kom krigen

Då Petter var 17 år, byrja han som dreng hjå morbror Jens på Gjævenes. Året etter tok han til på Tynes Møbelfabrikk. På Tynes arbeidde han som samansettar. Der var ei eiga avdeling for dette i 2. høgda i fabrikk. Dei var om lag 20 personar som arbeidde der. Petter vart i fire år på Tynes. Men så kom timane mellom 8. og 9. april 1940. Frå saga



Petter Myrseth med to av felene han har laga.

veit vi at det store og mektige Nazi-Tyskland utan førevarsel valdtok og skjemde det vesle, forsvarslause og nøytrale Noreg denne månemørke natta. Regjeringa gjorde vedtak om mobilisering, men vedtaket var så uklart utforma at ikkje alle militære oppfatta det som påbod om full mobilisering, slik regjeringa meinte. Regjeringa kalla heller ikkje til seg dei militære sjefane denne fyrste, triste krigsmorgonen. Offiserane vart forvirra. Regjeringa gløymde også å nytte kringkastinga, som ikkje var øydelagd. Tyskarane tok snart over denne og skapte frykt og forvirring over eteren. Nok om det. Petter var vernepliktig, sjølv om han ikkje hadde gått på rekruttskule eller fått anna form for militæropplæring. Krigstenestekortet kom ein gong for året. På kortet stod det at han tilhørde Møre infanteriregiment nr. 11 og skulle møte på Setnesmoen om det vart mobilisering. Det kom oppslag på Aure den 10. april om at alle med såkalla gult kort skulle møte til mobilisering dagen etter. På dette grunnlaget reiste han i krigen.

Vakta i snøen

Dei var mange menn som den 11. april saman med Petter reiste frå Aure med båten Frigg II. Karane kom til Åndalsnes om kvelden. Dagen etter fekk dei våpen og utstyr. Men der var lite på lager. Til dømes fekk ikkje alle soldatane hjelmar.

Søndag 14. april bar det opp Romsdalen med Petter og dei andre. Dei gjekk fyrst til fots eit stykke, men fekk så sitje på med lastebilar resten av vegen. Gutane sat på opne lasteplan i den skarpe snoen. Det var mykje snø oppover

dalen og vidare austover. Brøytekanntane var enno høge. Dei kom omsider til Bjorli og Lesjaskog, og vart ei tid plasserte slik at dei såg kyrkja på Lesjaskog. Petter hugsa særleg godt ei hending. Karane avtala å halde nattevakt på omgang. Dei trampa litt til i snøen der vakta skulle stå. Petter skulle ta fyrste tårnen. Vi kan levande førestille oss den 23 år gamle bygdeguten som brått hadde vorte kasta inn i eit spel han ikkje hadde øving i. Han var etter måten tynnkledt og tynnskodd i vårkulden. Det hadde vore nymåne den 7. april, og berre ein bleik, nedbryna og rusten månesigd sende eit sviikefullt skin gjennom dei drivande skyene og ned på den skitne skaren. Busker og steinar kunne likne på folk. Kva var det forresten som for over marka der nede, var det fiendar på frammarsj? Eller var det berre ei svolten elgku som rota rundt i vårnatta? Kva med det lyset han såg i stad? Var det fienden på leit etter kong Haakon, eller var det berre ei fjøslykt som tusla seg over tunet for å sjå etter sauene no i lamminga? Og kva med desse djupe, taktfaste fløyteletane? Var det tyske krigarar som på indianarvis brukte fuglelydar som signal? Eller var det berre nokre kattugler som var ute i nattleg ærend? Tankane for til faren og syskena heime. Dei var vel redde for han no? Berre han kunne ha ringt til dei og sagt at alt var i orden. Men det var uråd. Petter tek etter bajonetten i beltet. Men han er ikkje der! Då hugsar Petter at han la frå seg krigskniven og bandolæret då han skulle spele piano tidlegare på ettermiddagen. Han har gløymt handvåpenet! Ja, han har no denne børsa då. Skal tru om ho verkar? No er det vel snart avløyning? Men ingen av kameratane kjem. Dei har forsove seg alle saman! Petter står likevel stødig på post, åleine, heile den kalde og småsure aprilnatta til endes.

I kamp for kongen

Kong Haakon, kronprins Olav og deler av regjeringa rømde opp Gudbrandsdalen, forfylgde av tyske fly. Om kvelden laurdag den 13. april var kongefylgjet på veg nordover mot Dombås. Men søndag den 14. april vart 200 tyske fallskjermssoldatar nedsleppte der. Det gjekk fleire dagar før desse var nedkjempa. Petter var med og tok til fange 22 av dei ved Lesjaskog. Det var kaptein Navelsaker som leia IR 11 i kampen med å uskadeleggjere dei veltrena elitesoldatane. Det var ein svært viktig innsats. Etter denne delsigieren kunne konge og regjering halde fram vestover og nordover. Dei kom til Molde 23. april og for seinare til England.

Etter Lesjaskog for karane med tog til Fåvang. Petter vart utnemnd til ordonans. Han var etter det med i kompanistaben, og fekk overnatte innadørs. Dei andre gutane måtte ligge i løer. Petter var med i trefningar med tyskarane ved Fåvang. Dei tyske styrkane fekk effektiv flystøtte, og nordmennene hadde lite og dårleg antiluftskyts. Det gjekk

som det måtte gå. Tyskarane pressa bort dei dårleg utrusta norske forsvarsstyrkane.

Etter Fåvang bar det til fjells, til Øksendalssætra nordaust for Ringebu. Befalet gav der ordre om at soldatane fekk styre seg sjølve, og så reiste sjefane. Petter var saman med nokre andre karar frå Sykkylven. I tillegg til Petter var det Einar Lade, Sigmund Nakkeberg, Jens L. Aure og Kristoffer Digernes. Desse gutane avtala å reise til England. Etter kvart byrja dei å få utstyr opp frå bygda. Folk kom med mat, sivile klede og mellom anna også fire par ski. Men dei var fem mann! Då såg Petter ein slede i eit uthus. Og der var også øks og høvel. Petter tok då meiane på sleden og sette i gang. Med svært enkelt verkty laga han eit par framifrå bjørkeski. Han brukte bandolæret til bindingar. No kunne dei ta fatt på den lange ferda til Sverige. Så kunne dei reise vidare til England og kjempe for Noreg mot Nazi-Tyskland saman med dei allierte.

Tilbaketuren

Men så kom det bod frå bygda om at tyskarane var komne opp i Østerdalen med store styrkar. Vegen til Sverige var sperra! Det var med tungt hjarte dei måtte sjå i auga at det no var uråd å komme vidare austover. Dei la då i veg nordover gjennom Rondane. På denne ferda kom dei mellom anna til ein djup dal. Der var det ein svær kraftstasjon. Dei vart der nokre dagar. Ein annan gong kom dei inn i ei hytte. Der låg det ein haug med klede borte i ei krå. Ein av karane sparka litt bort i kleda, og då viste det seg at det låg to engelskmenn der. Dei var redde, svoltne og forkomne. Sykkylvingane laga mat og stelte vel med dei engelske gutane.

Den 28. april hadde dei allierte bestemt seg for å trekke seg ut av Sør-Noreg. Slaget om Sør-Noreg var førebels tapt! Sykkylvingane tok seg fram til Dovre stasjon. Her fekk dei skyss med ein tysk militærbil til Isfjorden. Der var det laga ein leir for norske soldatar som hadde kapitulert. Der var karane ei natt. Så fekk dei sitje på med ein lastebil til Sjøholt. Ein liten og open motorbåt skyssa dei over fjorden. Petter hugsar at han miste lua si på denne sjøturen. Men dei leita og fann ho att, flytande i sjøen. Då dei kom til Sykkylven, for karane kvar til sine heimar. Petter

fekk låne sykkel av Inge Tandstad, og sykla utatt til Hundeidvik. Då Petter kom til stova på Bøen, var klokka to om natta, og han måtte banke på døra. Faren kom og opna. Det vart ei sterk oppleving for den gamle. Det viste seg nemleg at han hadde trudd at Petter var død. Ein annan soldat frå Sykkylven hadde meint at han hadde sett Petter ligge skoten i ei veggrøft. Han hadde teke med det han trudde var sekken til Petter, og levert denne til faren. Sorga var etter det botnlaus på Bøen. Men gleda var sjølv sagt tilsvarande stor då saga viste seg å vere feil.



Torvspade frå Myrseth.

Margarinfabrikken

Petter vart ikkje verande lenge heime. Morbror Hans Gjøvenes budde i Ålesund. Han hadde bakeri både der og i Sykkylven. Han hadde også ein margarinfabrikk på Hamar som heitte Østlandske Margarinfabrikk. Hans ringde til Petter og spurde om han ville arbeide på Hamar. Det takka Petter ja til. Jonsokaftan same året for han dit. Petter fann dette nye arbeidet svært interessant. Han var dugande og påliteleg, og fekk snart hovudansvaret for fabrikk. Råvarene dei brukte denne tida var kvalolje, kokos og jordnøttolje. Dei fekk tilfanget frå Sarpsborg, Fredrikstad og Oslo. Namna på produkta deira var mellom anna Ekstra og Prima.

Kundane var stort sett kolonialbutikker. Men dei leverte til andre og. Dei kunne produsere heile 7000 kg på ein dag. Petter stod for produksjonen. Han stod opp i 5-tida kvar morgon - før arbeidarane kom - og la til rette. Etter at arbeidarane var ferdige for dagen, ordna Petter opp etter dei, så arbeidet hans heldt fram utover kvelden. Fyrste tida pakka dei margarinen for hand. Seinare fekk dei pakke-maskin. Dei konkurrerte med Mesna Margarinfabrikk på Lillehammer. Petter lika seg godt i verksemda. Han budde på fabrikk - ein tidlegare trevarefabrikk. Han treivst framifrå på Hamar. Han vart der i heile 17 år. Men også desse åra var han ofte heime på Bøen og arbeidde på bruket, særleg då i vårvinna og i slåtten.

Bygningsmannen

På 50-talet vart faren sjuk. Petter, som var odelsgut, flytte då heim att til Møre. Han tok til som bygningsmann i Ålesund i eit tømrarfirma som ein slektning dreiv. Arbeidet var

kjekt, men ofte tungvint. Det var ikkje så mange tekniske hjelpemiddel denne tida. Om dei arbeidde i dei øvste høgdena i bygardane, måtte dei heise opp materialane med talje og eit tau som dei drog med handemakt. Lastebilane hadde til vanleg ikkje kran, så alle bygningsvarene måtte lossast for hand. Petter dreiv med bygningsarbeid i 20 år. Han reiste heim til Hundeidvik kvar helg. I 1960 døydde faren. Det var vanskeleg med arbeidshjelp etter at faren var sjuk. Men systera, ho Lava, som var sterkt redusert etter ein stor lungeoperasjon, greidde det utrulege. Ho var eit arbeidsmenneske av dei sjeldne. Lava døydde i 1966. Etter det var det slutt på husdyrhaldet på Bøen. Men Petter reiste framleis til Hundeidvik kvar helg.

Medan Petter budde i byen, starta han opp Ålesund Spelmannslag, som har vore, og er, eit svært omtykt og aktivt lag. Laget har delteke i eit stort tal kappleikar og har fått mange premiar. Som takk for innsatsen i laget vart Petter for nokre år sidan utnemnd til æresmedlem. Dette er ein stor heider som få andre har oppnådd. Petter arbeidde i byen heilt til 1977. Då flytte han tilbake til Hundeidvik for godt. Men kvar onsdag var han likevel i Ålesund og øvde saman med kameratane i Spelmannslaget.

Felemakar og fotograf

Fyrste fela laga Petter det året han var konfirmert. Faren laga bogen. Denne fela heng framleis på veggen i stova på Bøen. Seinare kom det fleire. Og i alt har det blitt over 50 feler, for det meste hardingfeler. Det vart liksom borna hans dette. I starten kjøpte han trematerialane, men etter kvart tok han til å bruke materialar som han sjølv leita i skogen. Gran gav god klang. Lønn var eit anna aktuelt treslag. Og hegg var ein seig sort som også kom til nytte. Petter hadde i byrjinga ikkje spesialverktøy. Han hadde berre slikt verktøy som var vanleg på gardsbruka den tida. Men Petter var flink med det verktøyet han hadde. Litt verktøy laga han sjølv og. Mellom anna laga han som tenåring treverket til ein spesialhøvel der det var bruk for ein tremutter. Denne tremutteren laga Petter berre med tollekniven sin, eit meisterstykk som ikkje mange gjer han etter. Etter kvart skaffa han seg litt spesialutstyr. Han dreiv også ein del med løvsag-arbeid. Men i alle år har han jamt hatt ei fele under arbeid.

Petter spela ikkje berre i byen. Han spela ein del i Sykkylven og, saman med andre folkemusikkinteresserte. På dei store kappleikane var der ofte utstilling av feler og konkurranse mellom felebyggjarane. Petter fekk mange lovord for felene sine. Dei var omtykte av dommarane. Felene til Petter vart alltid vurderte til å tilhøyre "den øvre halvdel". Petter var også ein flink amatørfotograf, og han vann mange premiar og fekk diplom for fotografia sine i fleire landskonkurransar.

Torvtaking

Petter kan fortelje mykje om livet på eit gardsbruk i Sykkylven i mellomkrigstida. På Bøen er der framleis reiskap av ulike slag som ikkje er i bruk lenger. Mellom anna har han ein knivliknande spade som ein berre kan lure på bruken av. Petter forklarar at då han vaks opp, var det ikkje så mange lauvtre i Sykkylven som i dag. Husdyra heldt skogen nede. Bjørkeveden som dei likevel laga, var salsvare og måtte omsetjast for å skaffe kontantar. Dei som hadde eine i utmarka, nytta gjerne denne som brensel. Mange brukte torv. Myrsetbruka har rike torvtak framme på Eidet. Den rare reiskapen nytta dei til å stikke ut torvstykk med. Dette var fast vårarbeid. Med det same torva var spadd, var ho sjølv sagt rå. Ho vart lagd til turking utover myra. Så vart ho snudd til ho var tørr på begge sider. Etter det vart ho "husa". Det vil seie at torvstykk vart lagt saman slik at det vart ein opning i midten. Torvløene var små stavbygningar som stod nær myra. Dei hadde tett tak, men veggene var grisne. På hausten vart den turre torva stabla i torvløa. Så vart torva henta alt etter som ein trong brensel utover seinhausten og vinteren. Til dette nytta dei ei "torvkase". Dette var ei fletta kipe med ryggreimar. Det var vanleg å ta ein runde etter torv på kvelden etter at arbeidsdagen var over. Det var ein tur på ein halv time kvar veg. Torvkasa tok om lag 100 liter, men Petter kan ikkje hugse at torvberinga var tungt arbeid. Det var friskt, fint og triveleg med ein liten spasertur i kveldinga.

Kjelder:

Samtaler med Petter Myrseth hausten 2004

Jon Hole: Gjennom krig til fred, Sykkylven Bygdesogenemnd 1985.

Noregs Historie bd. 13 av Edvard Bull, Cappelen Forlag, Oslo 1978.

Noreg i krig bd. 3 Aschehoug Forlag, Tim Greve.



Liv Randi Bjørlykke (f. 1948) er lærar ved Sykkylven ungdomsskule, men har fartstid både som journalist, privatskulelærar på Stranda og bygdebokskrivar i Stordal. Ho er også ein omtykt kåsør og hennar høgst personleg forma humoristiske tekstar er kjend frå aviser, kringkasting og ti bøker. Den siste boka hennar, kåserisamlinga Ei ku i Valdres, kom i 1995.

Slik enda 2004

Av Liv Randi Bjørlykke

”Det er seint å snyte seg når nasen er av”, seier eit gammalt ord. Ser vi attende på 2004, har det vore eit år prega av laushundar i fri flyt og veksande skog, ditto.

Bygda er snart så tilgrodd at ho kan konkurrere med tjukkaste Østerdalen, og det vert berre verre og verre.

Vi finn snart ikkje att huset vårt når vi kjem att frå jobb. Utviklinga går så fort at vi må siger og skriver ha med oss øks når vi forlèt huset. Og vi kan trygt avsyngje den gamle visa om at ”Dold mellom furorna ligger min koia”.

Held dette fram, og skogen vert tjukkare enn han er no, sa ein klok mann til meg, kan vi snart drive ulvejakt på Aursnesodden. Så tjukk er skogen der ute. Og han fortalde at framfor stoveglaset hans var no skogen så diger at han såg korkje fjord eller fjell.

Ikkje nok med det. Stigane han hadde gått i barndommens lukkelege år var heilt attgrodde. No såg han ikkje anna råd enn at Teknisk etat laut kjøpe inn kommunale geiter. ”Kvar mann si geit”, måtte slagordet bli. Men geitene måtte vere ihelsvoltne, slik at det monna.

For, som han sa, det er for seint å snyte seg når nasen er av. Tek skogen fyrst over, vert det mykje arbeid å få han vekk. Han røter seg godt. Men hadde kvar mann si geit, og det var 7.500 innbyggjarar i kommunen, kunne det blitt mange dyr. Faktisk kunne det blitt 7.500 geiter, og dyra kunne gladeleg jagast over til Stranda når dei ikkje trongst her meir. Truleg ville dette ta mange år, men så spandable mot naboane kunne vi no vere, meinte mannen.

Nei, livet skal ikkje vere enkelt. Skogen skal vere tjukk, og motstanden stor. Dette opplevde ikkje minst han som våga seg til å vere 17. maitalar på Aure i år. Han hadde tenkt seg til med ein opplysende tale om historia vår frå Dansketida til i dag, og det kunne gått bra det, om han ikkje kom i skade for å seie noko om EU. Det skulle han aldri ha gjort. Du må ikkje nemne EU i Sykkylven på ein 17. mai, om du då ikkje har svart belte i judo, og kven har vel det?

Nei, hald deg langt unna politikken, menneske, seier no vi. Snakk til oss om pizza og brus. Det kan vi høyre om lenge. Og siste nytt i Hotell Cæsar....

Nok om 17. mai. Etterpå fekk vi damene ein opptur, for då byrja telefonen å kime. Det ringde dag, og det ringde natt. Alle damer under 93 år, trur eg, fekk dei feitaste tilbod. Heile sysalen på Hjellegjerde var innblanda, og frisørdamene på Aure gjekk heller ikkje fri. Du skulle vere bra gribba viss du ikkje fekk opppringing.. Då måtte du vere eit bra skjorareir. Og fekk du ingen telefon i heile sommar, er det truleg berre å la seg vrake. Om nokon vil betale vrakpanten for oss, er ei anna sak.

Men bygda kom naturlegvis på riksnettet, og i radioen hadde dei ringt politiet, og vi forstod straks at her var det ugler i mosen. På bygda fekk vi høyre at folk hadde no møtt både hallikar og prostituerte i sentrum.

Det var då nokre av oss klappa i hendene, for har vi fyrst fått prostituerte og hallikar her, varer det ikkje lenge før vi får bystatus, og då kunne vi fort rykt opp både ein og to divisjonar i forhold til Stranda. Det skal som kjent ikkje meir enn eit klasesett med gledespiker til, så vert ei bygd rekna som del av det urbane Noreg.

For urbane er vi i ferd med å bli. Look til miljøgata vår. Er ho ikkje fin, kanskje? Ho kom sommaren 2004, og er Sykkylven sitt svar på Champs-Élysées og Copacabana. No er miljøet så fint på Aure at vi kan ikkje reise på handletur utan å ha kjemt oss. Helst må vi lukte godt også. Du kan ikkje sjå ut som eit hespetre frå øvre Grebstaddalen no viss du vil handle på Aure. Dei som ikkje er fine nok, lyt berre halde seg heime.

Men det kviler ein trussel over denne påkosta miljøgata. Det vert lett altfor mange bilar der, og for mykje eksos. I lufta. Eksos betyr dårleg miljø, viss du då ikkje er medlem av Bandidos.

Så dersom folk ikkje kan parkere andre stader, så er vi mange som meiner at då lyt vi setje ut nokre av geitene i miljøgata. Dei vil fort ordne opp med bilane. Anten det, eller så går vi over til å kalle gata Eksoshølet 2.

Eksoshølet 1 finn ein ved Posthuset. Her har det alltid vore Wild West, seier dei som har budd her ei stund, og det berre eit steinkast frå lensmannskontoret. E’kje det tule? Folk parkerer i hytt og ver, stressa og forkava som sykkylvingane alltid er.

Nei, mange av oss meiner, når vi ser dette uhyrlege, at har ikkje sjåførane tid til å gå to steg, så må dei heller få gå heim att og slakke seg ned med ein real dusj.

For frampå sommaren kom det ei ny innretning i butikken hans Uri som folk gjekk mann av huse for å sjå. Det var ein nymotens steamdusj, og vi såg med ein gong at her hadde vi Kina sitt svar på den norske kjerringkokaren. For desse dusjkabinetta var laga i Kina, you see. No kjem kinesarane etter for full musikk. Heile Asia står klar med varer vi meir enn gjerne vil kjøpe.

Kanskje finst det nokre einfaldige sjeler som ikkje veit kva ein kjerringkokar er for noko? Då har dei ikkje vore fram i Ramstaddalen, for der kokar dei kjerringane sine. Kvar helg set dei ut store stampar i hagen, eller midt i veka når det er godt vêr, og så samlar karane alle kjerringane sine og trykkjer dei på plass i stampen. Sjølve går dei inn i stova for å samle seg om fotballkampen i fred og ro.

Så der sit altså kjerringane innsåpa med bundingen sin og kryssordet sitt og preikar med alle venninnene sine, og når dei har pøsja og prata nokre timar, får dei kome opp, og då er det kaffi og vaflar i graset.

Men no er det altså kome ein ny kjerringkokar hit til bygda, og han skal brukast inne. Oppfinninga er eigentleg eit vanleg dusjkabinett, men utstyret er eit særsyn. Går du inn i dusjen, vil du finne at der er telefon innlagt, der er fjernsyn med alle verdens kanalar og massasje på ryggen.

Du kan storkose deg i timevis med yndlingsmusikken din. Ja, du kan ta med deg dyna di og flytte inn der for ever. Og der er plass til heile to vaksne personar, så det er reine hybelen. Du kan sitje der, og du kan sjå fotballkampar frå alle land, og du kan bli massert på ryggen samtidig med at du har navlerens. Der er nesten ikkje grenser.

Du kan dusje deg med mjølk, for ikkje snakke om vin. Alkohol og varme er no fine greier i kombinasjon, så her vert det sus og dus.

Berre vent til innretninga vert vanleg i alle hus. Då vert det heilt slutt på handelslekkasjen til Ålesund, for då sit heile bygda heime i dusjen sin. Somme kjem til å sitje der heile helga, så dei kjem ikkje ut for ei dør.

Så slik kjem året 2004 til å ende. Året endar i dusjen. Der er det godt å vere. Skogen kan vekse, og hundane springe vilt. Ulven kan tute på Aursneset, og geitene kan få fritt spelerom, for det er for seint å snyte seg når nasen er av, seier no eg, kva eg no måtte meine med det. . .

Sparebanken Møre

Nordea
Sykkylven Energi AS
Advokat Kjetil Kvammen
Møre Trafo AS
Brunstad AS
B.S. Aure AS
Coop Mega Sykkylven
Nyborg AS
Berg-Hansen Reisebureau
Sykkylvsbladet
Sykkylven Bok & Papir AS
L.K. Hjelle AS
Stjernemadrassen AS
Norsk Møbelfaglig Senter
YIT Building Systems AS
Elias Vinje AS
Ekornes ASA
Sandella Fabrikken AS
sapDesign as
Hjellegjerde Møbler AS
Maxbo Idebygg AS
Amatec AS
Fotograf P.P. Lyshol
Sykkylven Gjensidige Trygdelag